



**KONKURRANSETILSYNETS**

**ÅRSRAPPORT 2024**

## Innhold

1 Melding frå leiar .....	2
2 Introduksjon til verksemda og nøkkeltal .....	4
2.1 Samfunnsoppdrag og mål .....	4
2.2 Organisering og leiing .....	5
2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapen .....	6
2.4 Føretaksspesifikke nøkkeltal .....	7
3 Aktivitetar og resultat .....	9
3.1 Bruk av resultatkjede .....	9
3.2 Samla vurdering av oppnådde resultat .....	10
3.3 Kartellavdekking og ulovleg samarbeid .....	13
3.4 Misbruk av dominans .....	15
3.5 Fusjonskontroll .....	16
3.6 Daglegvaremarknaden .....	19
3.7 Konkurransen i ein digital økonomi .....	22
3.7.1 Maskinlæringsplattforma .....	23
3.7.2 Kunstig Intelligens .....	23
3.7.3 Marknadsetterforskningsverktøyet .....	24
3.8 Pådrivar for konkurranse .....	25
3.9 Internasjonalt arbeid .....	27
3.10 Miljø og berekraft .....	28
3.11 Konkurransesfagleg forskning og utgreiing .....	29
4 Styring og kontroll i verksemda .....	30
4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda .....	30
4.2 Bemanning og organisasjon .....	31
4.3 Inkludering, mangfald og likestilling .....	32
4.5 Tryggleik og beredskap .....	36
4.6 Miljø, berekraft og grøn omstilling .....	36
5 Vurdering av framtidsutsikter .....	36
6 Årsrekneskap .....	40
6.1 Kommentar frå leiinga .....	40
6.2 Prinsippnote .....	40
Vedlegg 1 – Rapportering frå forskingsprosjekt .....	57
Pågåande prosjekt .....	57
Avslutta prosjekt .....	58

# 1 Melding frå leiar

---



Fungerande konkurransedirektør Gjermund Nese

Vinteren har vore prega av diskusjonar med utgangspunkt i Martin Bech Holtes bok "*Landet som ble for rikt*" og Mario Draghis rapport med tittelen "*The Future of European Competitiveness*". Begge peikar på utfordringar knytt til låg produktivitetsvekst. Draghi-rapporten tilrår mål om å lukke innovasjonsgapet, redusere forureining frå økonomiske aktivitetar, styrkje konkurranseevna og redusere avhengigheit, og styrkje tryggleiken.

Det er ingen tvil om at velfungerande konkurranse og låge etableringsbarrierar står sentralt i møte med desse utfordringane. På same måte som dette pregar arbeidsprogrammet til EU-kommisjonen på konkurranseområdet, har det og vore – og vil framleis vere – ein viktig del av Konkurransetilsynet sitt arbeid.

Sentralt i Konkurransetilsynets samfunnsoppdrag er arbeidet med å styrkje konkurransen. 2024 har vore prega av fleire tunge saker og viktige initiativ på alle dei områda dette arbeidet omfattar.

I august konkluderte Konkurransetilsynet i den såkalla *prisjegersaka* med å gi Coop, NorgesGruppen og Rema til saman 4,9 milliardar kroner i gebyr for brot på konkurranselova. Tilsynet fann at daglegvarekjedene sitt samarbeid om omfattande prisovervaking i kvarandre sine butikkar var ulovleg.

Vidare varsla tilsynet to flyttebyrå om mogleg gebyr for ulovleg samarbeid. Tilsynet starta òg etterforskning av trafikkskular og avslutta ei etterforskingssak i apotekmarknaden. Desse sakene illustrerer at tilsynet handhevar føresegnene i konkurranselova i eit breitt spekter av marknader, med særleg fokus på prioriterte område som daglegvaremarknaden. Dette bidreg til at handhevinga verkar preventivt ved at føretak tek omsyn til konkurransereglane, og dermed avstår frå konkurranseskadeleg åtferd.

Velfungerande konkurranse er særleg viktig i marknaden for offentlege tenestepensjonar. I 2022 gjennomførte tilsynet ei bevissikring hos Kommunal Landspensjonskasse (KLP). KLP leverer finans- og forsikringstenester til offentlig sektor og verksemder med tilknytning til denne sektoren. Konkurransetilsynet har i fleire kronikkar peika på at norske kommunar bør nytte moglegheita til å konkurranseutsetja pensjonsordningane sine. Pengane som blir sparte kan kommunane bruka på andre tenester til fordel for innbyggjarane. For å sikre velfungerande konkurranse i denne marknaden, er det viktig at ein dominerande aktør ikkje utnyttar marknadsposisjonen sin til å avgrense konkurransen. Dette var bakgrunnen for bevissikringa. Saka er kompleks, og arbeidet med å stadfeste eller avkrefte mistanken om lovbrøt haldt fram i 2024.

Fusjonskontrollen er ein viktig del av tilsynet sitt ansvar. Den alminnelege meldeplikta, høvet til å påleggje melding og opplysningsplikta for særskilde marknader dannar eit informasjonsgrunnlag

for å vurdere om føretakssamanslutningar kan få uheldige konkurransemessige verknader. I 2024 fekk Konkurransetilsynet 151 fusjonsmeldingar, der 97,35 prosent blei klarerte innan 25 dagersfristen. Dei resterande måtte undersøkjast nærare. Blant desse var Norva24 Vest sitt oppkjøp av Vitek Miljø. Etter ei grundig vurdering konkluderte tilsynet med å forby oppkjøpet. Tilsynet fann at oppkjøpet ville føre til redusert konkurranse om tømme- og spyletenester i tidlegare Hordaland fylke, noko som kunne gi høgare prisar eller lågare kvalitet for kundane.

Konkurransetilsynet har òg vidareført krav om opplysningsplikt for aktørar i særleg konsentrerte marknader, også for mindre oppkjøp. Opplysningsplikta er eit viktig verkemiddel for å unngå høgare prisar og dårlegare tilbod til forbrukarane.

Daglegvaremarknaden har vore eit prioritert område for tilsynet i fleire år. I tillegg til aktiv handheving av konkurransereglane i verdikjeda for mat og daglegvarer, har tilsynet gitt faglege råd og tilrådingar for å styrkje konkurransen. Ein viktig del av dette arbeidet har vore analysen av innkjøpsprisane til daglegvarekjedene. Kartlegginga for 2023 som vart presentert i juni 2024, viste at forskjellane i innkjøpsprisar har blitt ytterlegare reduserte.

Konkurransetilsynets daglegvarerapport for 2023 gir ei breiare skildring av konkurransesituasjonen i marknaden. Rapporten for 2023 vart presentert tidleg i 2024 og fekk stor merksemd. Rapporten vurderer mellom anna daglegvarekjedene sine strategiar for butikketablering og graden av lokal konkurranse.

Konkurransetilsynet har òg gitt høyringssvar knytt til verdikjeda for daglegvarer, mellom anna om konkurranseutfordringar ved modellar for fastsetjing av pris for mjølk. I tillegg har tilsynet kartlagt lønnsmda i daglegvaremarknaden. Kartlegginga viste få teikn til at daglegvareaktørane utnytta koronapandemien eller krigen i Ukraina til å auke prisane, men synte at lønnsmda er høgare enn venta i ein marknad med hard konkurranse.

Mot slutten av året vedtok tilsynet å ikkje forlengja dei avhjelpande tiltaka som vart vedteke i ei sak mot Foodora frå 2022. Tiltaka hindra Foodora i å ha eksklusivavtaler og ekskluderande praksis ovanfor restaurantar ved bruk av matbestillingsplattforma deira. Konkurransen i marknaden for matbestillingsplattform har sidan blitt styrkt, særleg ved at konkurrenten Wolt har vakse mykje. Tilsynet fann derfor at det ikkje var nødvendig å forlengje tiltaka.

Konkurransetilsynet har òg vore aktive i arbeidet med å formidla kunnskap om konkurranselova.. Vi har sendt 12 høyringssvar, og vore synleg i media der vi har vore omtala 4652 gonger i pressa. Vi har skriva 11 kronikkar, halde 2 konferansar, og vi har halde ein rekke webinarer og foredrag.

I desember 2024 vedtok Stortinget ei endring i konkurranselova som gir Konkurransetilsynet eit nytt verkemiddel – marknadsetterforskning – som kan bidra til betre konkurranse, lågare prisar og betre utval. Det nye regelverket trer i kraft 1. juli 2025. Tidlegare har ikkje tilsynet kunne gripa inn mot konkurranseproblem med mindre det har vore brot på konkurranselova.

Marknadsetterforskning endrar dette og inneber at tilsynet, etter ei grundig undersøking, kan vedta målretta tiltak for å styrkje konkurransen dersom det blir avdekt alvorlege konkurranseproblem. Verktøyet kan til dømes nyttast for å korrigere strukturelle forhold som avgrensar moglegheitene for velfungerande konkurranse. Sjølv om dette er eit viktig og godt tillegg til tilsynet sine verkemiddel, krev det òg auka ressursar for at det skal fungere etter intensjonen. Manglande ressursar til å nytte verktøyet kan òg ha negative konsekvensar for dei eksisterande handhevingsoppgåvene til tilsynet.

Den viktigaste ressursen for Konkurransetilsynet er ein kompetent stab av medarbeidarar. I 2024 har det vore særleg fokus på kompetanseutvikling, spesielt innan leiing på ulike nivå og prosjektleiing. For tilsynet er det òg viktig å ha eit godt yringsklima, der medarbeidarane

opplever at det er trygt å seia frå om ulike forhold. I byrjinga av året gjennomførte tilsynet ei undersøking blant medarbeidarane for å kartleggje dette. Målet er å gjere tilsynet til ein god, trygg og attraktiv arbeidsplass. Dette vil stå sentralt i det medarbeidarretta arbeidet til tilsynet i 2025.

Bergen, 21. mars 2024



Gjermund Nese,  
Konstituert Konkurransedirektør

## 2 Introduksjon til verksemda og nøkkeltal

---

### 2.1 Samfunnsoppdrag og mål

*Konkurransen er eit verkemiddel som bidreg til effektiv ressursbruk og velfungerande marknader. Forbrukarane og næringslivet får eit betre tilbod av varer og tenester, med betre kvalitet og lågare prisar. Konkurransen bidreg til at norske føretak blir meir konkurransedyktige både nasjonalt og internasjonalt. Aktiv konkurransepolitikk bidreg til omfordeling og er avgjerande for at den norske modellen for lønnsdanning skal verke etter hensikta. Samtidig endrar marknadene seg og den digitale økonomien skapar både utfordringar og moglegheiter. For Konkurransetilsynet blir det viktig å ha rett kompetanse og gode verktøy for å møte desse endringane på ein målretta måte.*

Konkurransetilsynets strategiplan 2022-2027

#### 1. Handheve konkurranselovgevinga

Vi sikrar at konkurranselova og EØS-avtalen blir følgde. Konkurranselova forbyr samarbeid mellom føretak som avgrensar konkurransen og misbruk av dominerande stillingar. Føretak må melde frå til tilsynet om fusjonar og oppkjøp (til dømes fusjonar der to eller fleire føretak blir slått saman til eitt), og vi kan gripe inn om desse truar rettferdig konkurranse.

#### 2. Vere ein pådrivar for konkurranse

Gjennom aktiv kommunikasjon og engasjement i offentlegheita fremjar vi forståinga av korleis velfungerande marknader bidreg til økonomisk vekst og velferd. Vi identifiserer og adresserer barrierar for konkurranse i offentlege ordningar og reguleringar, og kjem med forslag som styrkar konkurransen.

#### Strategiplanen: Vegen vidare

## KONKURRANSETILSYNET SIN STRATEGIPLAN 2022-2027

	<b>VISJON</b>	Profesjonelt tilsyn førebudd for 2030
	<b>KJERNEVERDIAR</b>	Fagleg · Effektiv · Synleg
	<b>STRATEGISKE MÅL 2022-2027</b>	Målretta i handhevinga
		Klar og tydeleg pådrivar
		Føretrekt og profesjonell arbeidsgjevar
	<b>STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDER 2022-2025</b>	Handheving i den digitale økonomien
		Berekraft gjennom konkurranse
		Styrke konkurransen i daglegvaremarknaden
		Vere ein attraktiv og fleksibel arbeidsplass

Vi har tre strategiske hovudmål for perioden 2022-2027, med tilhørande delmål og særlege satsingsområde i eit treårsperspektiv. Figuren gir eit oversyn over strategiplanen. Årsrapporten viser korleis vi i 2024 har arbeidd mot desse måla, korleis våre aktivitetar har styrka konkurransen og bidrege til eit meir rettferdig konkurranse i samfunnet.

### 2.2 Organisering og leiing

Konkurransetilsynet er organisert i tre marknadsavdelingar, som kvar har ansvar for sine marknader. I 2024 var det gjort ei viktig omorganisering for å styrke handhevinga av konkurranselova. Etterforskningsstab blei lagt ned, og etterforskarane med sine oppgåver blei integrerte i marknadsavdelingane. Kvar marknadsavdeling har no eige etterforskingsteam. Samtidig blei ein ny eining for data og analyse oppretta. Denne eininga har ansvar for å forvalte maskinlæringsplattforma og å bidra med avanserte analyser både av interne og eksterne data. Vidare er det to fagstabar med spesialistkompetanse innan konkurranserett og konkurranseøkonomi, ein kommunikasjonsstab og ei administrasjons- og organisasjonsavdeling.

Leiinga i Konkurransetilsynet består av konkurransedirektør, sjeføkonom, juridisk direktør, avdelingsdirektørene for marknadsavdelingane, kommunikasjonsdirektør, direktør for eksterne relasjonar og administrasjons- og organisasjonsdirektør.


Konkurransetilsynet held til i kontorlokale i Zander Kaaes gate, sentralt i Bergen.

### Overordna departement og klageorgan

Konkurransetilsynet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). Tilsynet handhevar konkurranselova, men kan ikkje instruerast av departementet i enkeltsaker. Konkurranseskilgenemnda er det uavhengige organet for handsaming av klager på vedtak og avgjerder frå tilsynet. Dette gjeld ikkje vedtak som er fatta etter pristiltakslova.

### 2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltala i tabellane og diagrammet nedanfor er utarbeidde i tråd med mål frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Konkurransetilsynet har ingen inntektsgivande verksemd.



Konkurransetilsynet <sup>1</sup>	2022	2023	2024 <sup>2</sup>
Utførte årsverk <sup>3</sup>	83,7	87,7	87,4
Samla tildeling post 01 (NOK)	129 391 000	136 893 000	142 992 000
Driftsutgifter (NOK)	124 691 603	133 201 728	140 361 825
Utnyttingsgrad av tildeling	96,5%	97,3%	98,2%
Refusjonar lønn (NOK)	3 379 558	2 645 777	1 566 383
Lønnsandel driftsutgifter	74,5%	74,9%	76,3%
Lønnsutgifter per årsverk (NOK)	1 110 571	1 136 853	1 224 718

<sup>1</sup> Tala er frå Årsrekneskapen kapittel 0910 post 01. Sjå kapittel 6 i årsrapporten for ytterlegare informasjon. Nøkkeltall beregnet etter definisjon frå DFØ Veiledningsnotat januar 2023.


<sup>2</sup> I 2024 endra Konkurransetilsynet rekneskapsprinsipp frå kontantprinsippet til SRS. I første rekneskapsår med det nye rekneskapsprinsippet vil nøkkeltala ikkje gi eit korrekt bilete. Difor er nøkkeltala i denne tabellen utarbeida etter kontantrekneskapet.

<sup>3</sup> Kilde: DFØ Fagbrukerinnsett. Som tal på arbeidsforhold er det brukt tal på stillingar.

Hovudårsaka til avvik mellom lønnsutgifter og lønnskostnader er avsetning til lønnsoppgjøret i 2024 som ikkje blei utbetalt før i 2025.

Nøkkeltall etter SRS	2024
Refusjonar lønn (NOK)	1 455 836
Lønnsandel driftskostnader	76,8%
Lønnskostnader per årsverk (NOK)	1 240 100

### Driftskostnader etter art



Årsverk	2021	2022	2023	2024
Tal på utførte årsverk	91,63	83,75	87,70	87,46
Avtalte årsverk	105	98	99	97
Tal på tilsette	106	100	100	99
Tal på arbeidsforhold <sup>2</sup>	106	100	101	99

### 2.4 Føretaksspesifikke nøkkeltal

Tabellane nedanfor viser nøkkeltal for Konkurransetilsynets aktivitetar. Dei omfattar talet på saker tilsynet vurderer, inngrep, avgjerder og høyringsfråsegn, samt storleiken på gebyr. I del 3 av rapporten koplar vi desse tala til dei faktiske resultatata og gjev meir informasjon om ressursbruk og måloppnåing.



Mottekne saker	2021	2022	2023	2024
Meldingar om fusjonar og oppkjøp (§16)	156	160	113	151
Tips om konkurranseskadeleg åtferd og lovbrøt (§§10/11)	377	328	367	455
Lempingssøknader	2	4	3	2
Mottekne høyringar	155	129	128	137

Etterforsking	2021	2022	2023	2024
Bevissikring § 25 - saker/stader	2/8	3/11 <sup>4</sup>	0	1/4
Forklaringsopptak § 24 - saker/tal	0	1/5	4/14	1/2

Vedtak, avgjersler og fråsegner	2021	2022	2023	2024
Inngrep mot fusjonar og oppkjøp (§ 16)	2	0	1	1
Tal på meldingar om fusjonar og oppkjøp trekt av partane etter varsel om mogleg inngrep (§ 16)	1	0	0	1
Avgjersler om å ikkje gripe inn i fusjonar og oppkjøp (§ 16) <sup>5</sup>	1	0	4	1
Vedtak om gebyr for lovbrøt grunna konkurranseskadeleg åtferd (§§ 10/11)	0	1	0	1
Vedtak om avhjelpande tiltak (§§10/11, § 16)	1	4	0	0
Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	0	10	1	0
Høyringsfråsegn	6	13	15	12
Vedtak om gebyr for lovbrøt i samband med etterleving av meldeplikt til fusjonskontroll	1	0	0	0

Gebyr for lovbrøt i vedtak (TNOK) <sup>6</sup>	2021	2022	2023	2024
Konkurranseskadeleg åtferd	0	0	0	4 900 000
Fusjonskontroll: Brot på gjennomføringsforbod / opplysningsplikt / meldeplikt	3 000	0	0	0

<sup>4</sup> Talet er annleis frå tidlegare årsrapport, fordi bevissikring i ei sak ble dobbeltrekna.

<sup>5</sup> [Her](#) ligg det meir informasjon om Konkurransetilsynets saksbehandling.

<sup>6</sup> Beløp som kjem fram i vedtak. Ikkje justert for lemping, klageutfall eller manglande betalingsevne. I del 3 finn ein meir informasjon om status og utfall i saker etter klager, mm.


## 3 Aktivitetar og resultat

### 3.1 Bruk av resultatkjede

For å illustrere korleis ressursane våre gir gode resultat, brukar vi ei resultatkjede. Resultatkjeda viser korleis ressursane blir fordelte på ulike aktivitetar, med mål om å skape størst mogleg nytte for brukarar og samfunnet som heilskap.

Viktige brukargrupper er næringslivet og deira representantar, politikarar og lovgjevarar, samt forbrukarane. Vi vil hjelpe desse gruppene med å forstå korleis reglar og reguleringar påverkar konkurransen. Eit av måla våre er å fremje konkurranse som eit verkemiddel for lågare prisar og betre utval for forbrukarane, noko som gir positive effektar for samfunnet.

Det kan vere utfordrande å måle effektane av vårt arbeid. Forholdet mellom aktivitetane våre og dei positive effektane i samfunnet er ikkje alltid direkte eller synleg. Nokre effektar kjem gradvis og er vanskeleg å måle. Resultatkjedemodellen hjelper oss likevel med å vise korleis vår ressursbruk, aktivitetane og resultatata heng saman.



#### INNSATSAKTORAR

Samla tildeling for 2024 var 142,9 MNOK. Dei tilsette er den viktigaste ressursen vår, og vi arbeidde til saman 87,4 årsverk i 2024. 77 prosent av dei tildelte midlane gjekk til lønn.

#### AKTIVITETAR

Konkurransetilsynet passar på at føretak ikkje samarbeider på måtar som skadar konkurransen. Vi samlar inn og analyserer informasjon frå ulike marknader for å sjekke om føretak konkurrerer lovleg og om konkurransen fungerer til fordel for forbrukarane. Tilsynet følgjer opp tips og klager om moglege brot på konkurranselova, og vi rettleier føretak og advokatar om korleis konkurranseregelverket fungerer. Kvart år vurderer vi over 100 oppkjøp eller fusjonar for å sjå om dei kan gjennomførast utan å skade konkurransen.

#### PRODUKT / TENESTER

Konkurransetilsynet grip inn når eit føretak bryt konkurranselova. Vi kan gje gebyr og melde personar for lovbro, og vi kan krevje at føretak stoppar eller endrar avtalar som hemmar konkurransen. Tilsynet kan også stanse oppkjøp eller fusjonar som skadar konkurransen. Dersom vi er bekymra for at ei føretakssamanslutning kan skade konkurransen i ein marknad, kan føretak føreslå avhjelpande tiltak for å gjennomføre oppkjøpet eller fusjonen utan å svekke konkurransen. Tilsynet er aktiv i ulike marknader og saker for å vise at konkurransereglane gjeld for alle marknader og næringar. Vi er synleg i offentlegheita gjennom [kronikkar](#), [høyringsfråsegn](#), medieutsegn og foredrag. Tilsynet arbeider og for at reguleringar ikkje hemmar konkurransen, slik at verksemdar kan konkurrere betre.

#### BRUKAREFFEK TAR

Når føretak konkurrerer lovleg, legger dei ofte ned meir innsats i å tilby det beste for forbrukarane og utnytte ressursane meir effektivt. Dette kan føre til lågare prisar, betre kvalitet eller begge deler. Konkurransetilsynet sine vedtak minner næringslivet om å halde seg innanfor konkurranselova, noko som har ein viktig førebyggjande effekt. Målet vårt er at føretak skal få betre forståing av kva som er lovleg og ulovleg samarbeid. Føretak kan tipse tilsynet om avtaler dei meiner kan vere skadelege for konkurransen, og om dei sjølv er ein del av dei. Ved å melde frå gjennom lempningsordninga, kan dei unngå eller redusere gebyr. Vi bidreg også til at politikarar og lovgjevarar får betre innsikt i korleis lover og reglar påverkar konkurransevilkåra. Denne kunnskapen tek dei med seg når dei vurderer endringar i regelverket, slik at regelverket i større grad fremjar sunn konkurranse og forbrukarinteresser.

#### SAMFUNNSEFFEK TAR

Dei konkurranseproblema vi tar opp, har som mål å skape positive endringar for forbrukarar og næringsliv. Når føretak opererer i marknader utan konkurransehindringar, kan innovasjon og produktivitet blomstre, og økonomisk kriminalitet blir redusert. Dette bidreg til å skape fleire arbeidsmoglegheiter og eit breiare utval av varer og tenester til betre prisar. Norske føretak kan bli meir konkurransedyktige både nasjonalt og internasjonalt. Ved offentlege innkjøp kan skattepengane bli nytta meir effektivt, slik at det offentlege kan tilby varer og tenester av god kvalitet utan å betale meir enn nødvendig.

### 3.2 Samla vurdering av oppnådde resultat


Konkurransetilsynet skal bidra til effektiv bruk av samfunnsressursane ved å fremje konkurranse til fordel for forbrukarar og næringsliv. I [tildelingsbrevet for 2024](#) frå Nærings- og fiskeridepartementet er det sett opp konkrete mål og indikatorar for måloppnåing. Det er også ei klar forventning om at tilsynet innrettar verksemda si slik at måla blir oppnådde på ein effektiv måte.

I det følgjande gjer vi greie for vurderinga av oppnådde resultat i forhold til desse styringsindikatorane. Vi gir òg ei kort oversikt over viktige tiltak som er gjennomførte for å sikra effektiviteten i verksemda. Når det gjeld prioriterte tiltak og bestillingar for 2024, viser vi til eigen omtale av desse i årsrapporten.

#### Aktiv handheving av konkurranselova

Eit hovudmål for Konkurransetilsynet er velfungerande marknader der marknadsaktørane etterlever konkurransereglane. For å nå dette målet er eit viktig delmål aktiv handheving av konkurranselova med forskrifter og konkurransereglane i EØS-avtalen.

I 2024 hadde Konkurransetilsynet høgt aktivitetsnivå, med fleire pågåande etterforskingssaker mellom anna av trafikkskular og marknaden for flyttetenester. Vi avslutta og *prisjegersaka*, der det vart vedteke å gi eit stort gebyr til dei tre store daglegvareaktørane. Vi har også avslutta ei sak relatert til apotekmarknaden då det ikkje var grunnlag for å halde fram etterforskinga.



*Vedtak om lovbrotsgebyr for ulovleg samarbeid og misbruk av dominans 2014-2024.*

Vidare har vi lagt stor vekt på god dialog med offentlege innkjøparar og næringslivet for å formidle kunnskap om sentrale aspekt ved konkurranselova. For at personstraff skal ha avskrekkande effekt, blir det vurdert om dette er aktuelt i alle saker der det har skjedd alvorlege regelbrot.

For å bidra til at saksbehandlinga til tilsynet er profesjonell og serviceinnstilt, blir det gjennomført ei intern evaluering av arbeidet vårt i alle større saker. Ekstern tilbakemelding er og viktig for oss. Også i 2024 har vi hatt god dialog med representantane til partane i konkrete saker, og vi har vidareført den generelle tilbakemeldingsdialogen med Advokatforeininga og jamleg kontakt med bransjeforeiningar.

### **Fusjonskontroll og marknadsovervaking**

I 2024 fekk Konkurransetilsynet 151 meldingar om føretakssamanslutningar, der 147 vart avslutta innan 25 verkedagar. Samanlikna med 2023, så vi ein auke i fusjonsmeldingar på 33 prosent. Ein effektiv fusjonskontroll sparar ressursar for næringslivet og bidreg til velfungerande konkurranse. Vi forbaud føretakssamanslutninga mellom Norva24 Vest og Vitek Miljø, medan fusjonen mellom TGS og PGS vart godkjend.

Vidare påla tilsynet opplysningsplikt på føretak i særleg konsentrerte marknader og følgde opp saker der [opplysningsplikt allereie var pålagd](#). Ein viktig del av tilsynet sitt ansvar knytt til fusjonskontrollen har også vore aktiv marknadsovervaking.

### **Organisatoriske endringar, kompetansebygging og organisasjonskultur**

I 2024 gjennomførte tilsynet ei organisatorisk endring for å styrkje etterforskingarbeidet. Etterforskingskompetansen vart integrert i del av arbeidet i marknadsavdelingane for å sikre eit meir heilskapleg ansvar for etterforskingarbeidet. Å realisere målsetjingane bak denne endringa vil vere ein viktig del av tilsynet sitt arbeid i 2025, ikkje minst gjennom å byggja opp og integrere etterforskingskompetanse på tvers av organisasjonen. Det vil ta tid før vi kan måle dei fulle effektane av endringa.

Mot slutten av 2023 vart det vedteke å etablere ei ny eining for data og analyse i Konkurransetilsynet. Eininga fungerer som ei serviceeining for heile tilsynet og er ei drivkraft i utviklinga av nye digitale løysingar, til dømes basert på bruk av kunstig intelligens i

handhevingsarbeidet. Eininga bidreg også til å byggje opp kompetanse innan innsamling og analyse av store datamengder, styrkje digital kompetanse i avdelingane og ta ansvar for større prosjekt som krev særskilt digital kompetanse. Ei viktig oppgåve i 2024 har vore å utvikla kapasiteten og kompetansen i eininga, slik at måla bak etableringa av eininga kan innfriast. Dette arbeidet vil halde fram i 2025.

Aktiv handheving av konkurranselova i tråd med målsetjingane føreset god og høg kompetanse i alle delar av organisasjonen. Også i 2024 gjennomførte tilsynet fleire tiltak for å sikre dette, mellom anna gjennom vidare arbeid med leiarutvikling på fleire nivå i organisasjonen. For tilsynet vil det framover vere viktig å utnytte denne kunnskapen. Tilsynet har også arbeidd med å etablere system som kan gi god styringsinformasjon på ulike leiingsnivå.

I tillegg til høg kompetanse og motiverte medarbeidarar er det også viktig at organisasjonen har ein god organisasjonskultur, der medarbeidarane opplever at dei jobbar i eit utviklande miljø og at det er trygt å seie frå. Ein organisasjon utan ein trygg tilbakemeldingskultur kan lett stagnere. For tilsynet vil arbeidet med å byggje ein god og trygg kultur vere ei sentral oppgåve i 2025.

### **Varetaking av norske interesser når Konkurransetilsynet behandlar regelverkssaker i EØS og EØS-enkeltsaker**

I 2024 har Konkurransetilsynet vore ein aktiv deltakar i alle formelle og uformelle forum som EØS-avtalen gir høve til. Dette inkluderer deltaking i ei rekkje arbeidsgrupper og sektorvise undergrupper i det europeiske konkurransenettverket (ECN). Tilsynet har også delteke på to plenarmøter og to generaldirektørmøte.

Vi har løypane halde Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) oppdatert om regelverksutviklinga på konkurranseområdet i EU. I fleire konkrete regelverkssaker har vi bidreg med kompetanse i arbeidet med utforming av norske posisjon i pågåande og kommande regelverksarbeid.

Konkurransetilsynet har òg hatt tett dialog med Eftas overvåkingsorgan (ESA) i konkrete saker og samarbeidd med dei andre Efta-landa, mellom anna gjennom deltaking i Efta Competition Network.

Konkurransetilsynet sitt engasjement i det nordiske samarbeidet er særleg viktig. I tillegg til tett kontakt på leiarnivå møtest dei nordiske konkurransestyresmaktene årleg for å diskutere aktuelle tema. Vidare samarbeider dei aktivt i fleire ulike nettverksgrupper. To av dei nyaste gruppene utvekslar erfaringar om teknisk etterforskning og analyse av data frå offentlege innkjøp.

I 2024 publiserte dei nordiske konkurransestyresmakter ein nordisk rapport med tittelen "[\*Competition and Labour Markets\*](#)".

Vi har og hatt tett og god dialog med NFD knytt til arbeidet vårt som representant for Noreg i OECDs Konkurransekomité. I 2025 vil vi bidra til å styrkje og formalisere dialogen med NFD ytterlegare.

Generelt er deltakinga i det internasjonale konkurransenettverket (ICN) ein viktig arena for å hente og dele kunnskap og erfaringar. Det internasjonale arbeidet gir eit solid fundament for effektiv utføring av oppgåvene våre med å handheve konkurranselova i Noreg, og sikrar at vi oppfyller samfunnet sine forventningar til tilsynet sitt arbeid.

## Aktivt informasjonsarbeid

For å fremje konkurranse og forhindre konkurranseskadeleg åtferd, har tilsynet gjennom 2024 halde fram med eit aktivt informasjonsarbeid om konkurranselover og betydninga av eit konkurransefremjande regelverk. Dette arbeidet er gjennomført på fleire måtar og gjennom ulike kanalar.

Tilsynet har mellom anna publisert høyringsfråsegn, kronikkar, rapportar og fagartiklar. Tilsette har også halde ei rekkje foredrag og faglege innlegg i samband med deltaking på relevante konferansar, både nasjonalt og internasjonalt. I tillegg arrangerte Konkurransetilsynet den årlege juskonferansen, samt ein daglegvarekonferanse i 2024.

For å formidle informasjon effektivt til ulike målgrupper bruker tilsynet sosiale medium aktivt og har vidareført arbeidet med å produsere podkast og webinar om aktuelle tema.

I 2024 vart det gjennomført ein brei tipskampanje på fleire plattformer og gjennom informasjonsmøte med næringslivet i dei største byane. Målet var å få inn fleire tips og auke kunnskapen om konkurranselover. For å nå ut til små og mellomstore føretak har vi særleg arbeid for å styrkje samarbeidet med interesseorganisasjonane til næringslivet og lokale næringslivsforeiningar.

Aktivt informasjonsarbeid resulterte i om lag 4 600 medieoppslag i 2024. Å nå ut med informasjon til dei som endå ikkje har gått ut i arbeidslivet er òg viktig. I løpet av 2024 kom 13 skuleklassar på besøk til Konkurransetilsynet for å lære meir om konkurransepolitikk.

### 3.3 Kartellavdekking og ulovleg samarbeid

Eit kartell er eit ulovleg samarbeid mellom to eller fleire føretak som skulle ha konkurrert, men som i staden samarbeider om til dømes prisar, delar marknader mellom seg, utvekslar informasjon dei ikkje skal, eller avgrensar kor mykje dei sel eller produserer. Slike samarbeid skadar konkurransen og kan føre til høgare prisar for forbrukarane. Å avdekke kartell og handheve reglane mot ulovleg samarbeid er eitt av Konkurransetilsynet sine hovudoppdrag.

Vi overvaker alle typar marknader og kan starte undersøkingar på grunnlag av eigne funn, klager frå andre, tips, eller [søknader om lemping](#) (amnesti) frå føretak som rapporterer om eigne ulovlege handlingar. På [nettsida vår](#) kan ein tipse oss anonymt og sikkert. Vi har teieplikt om identiteten til tipsarar, både under og etter ei eventuell etterforsking.

Merksemda kring våre etterforskingar har ein førebyggjande effekt og kan hindre ulovleg samarbeid mellom konkurrentar.

#### Pågåande [etterforskingar](#)

Hausten 2021 gjennomførte Konkurransetilsynet bevissikring hos aktørar i marknaden for flyttetenester, etter mistanke om ulovleg samarbeid. I [april 2024 varsla](#) tilsynet gebyr til to aktørar.

I november 2024 gjennomførte Konkurransetilsynet uanmeldte kontrollar hos fleire trafikkskular, basert på ein mistanke om ulovleg samarbeid. Bevissikringa vart gjennomført etter løyve frå tingretten, og relevant materiale blei [beslaglagt for vidare gjennomgang](#).

## Avslutta etterforsking i apotekmarknaden

Våren 2021 gjennomførte Konkurransetilsynet uanmeldte kontrollar hos aktørar i apotekmarknaden, etter mistanke om ulovleg samarbeid. Etter grundige undersøkingar har tilsynet ikkje funne grunnlag for å halde fram etterforskinga og har [avslutta saka](#). Likevel vil tilsynet følgje marknaden nøye sidan det er få aktørar med sterke posisjonar i fleire ledd av verdikjeda.

## Vedtak mot aktørar i daglegvaremarknaden

I august 2024 sendte Konkurransetilsynet [vedtak til Coop, NorgesGruppen og Rema](#) om brot på konkurranselova § 10 og EØS-avtalen artikkel 53. Dei tre daglegvarekjedene hadde samarbeidd om å gi konkurrentane sine «prisjegerar» tilgang til å hente inn store mengder prisinformasjon i kjedenes butikkar. Denne kontinuerlege prisovervakinga auka gjennomsiktigheita mellom dei tre kjedene og svekte insentivet til å konkurrere hardt på pris. Tilsynet påla gebyr til Coop på 1,3 milliardar kroner, til NorgesGruppen på 2,3 milliardar kroner, og til Rema på 1,3 milliardar kroner. Vi påla også kjedene å avslutte det ulovlege samarbeidet og eventuelle samarbeid med tilsvarande verknad.

## Ulovleg samarbeid

[Konkurranselova § 10](#) forbyr samarbeid mellom føretak som har til formål eller verknad å hemme konkurransen. Dette gjeld ikkje berre formelle avtalar, men også uformelt samarbeid som kan skade konkurransen. Forbodet omfattar alle typar samarbeid, både mellom føretak på same nivå i verdikjeda (horisontalt) og mellom føretak på ulike trinn i verdikjeda (vertikalt). Det første føretaket som melder frå til oss om ulovleg samarbeid kan sleppe gebyr ved å søke [amnesti](#).

## Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt arbeid med kartellavdekking og ulovleg samarbeid

### INNSATSFAKTORAR

- Ressursar frå alle marknadsavdelingane og stabar.
- Oppretthalde ressursbruk i prioriterte etterforskingssaker.

### AKTIVITETAR

- Pågåande etterforsking mot aktørar i marknaden for trafikkskular.
- Pågåande etterforsking mot aktørar i marknaden for flyttetjenester.
- Vurdering av tips om kartell og ulovleg samarbeid.
- Deltaking i internasjonale arbeidsgrupper om avdekking av kartell, metodar for etterforsking og meir.
- Dialog med offentlege innkjøparar og næringslivet: informasjon om lemping og tipsordning, samt synlegheit i media.

### PRODUKT/TENESTER

- Saka i apotekmarknaden er avslutta.
- Gebyr til NorgesGruppen, Rema og Coop.

#### BRUKAREFFEK TAR

- Tovegs anonym dialog gjennom tipskanal legg til rette for fleire tips om ulovleg samarbeid.
- Verksemd retta mot offentlege innkjøparar og næringslivsaktørar for å fremje avdekking av ulovleg samarbeid mellom konkurrentar.

#### SAMFUNNSEFFEK TAR

- Ulovleg samarbeid mellom føretak skadar forbrukarane, som må betale høgare prisar. Når slikt samarbeid blir stansa eller forhindra, kjem fordelane av konkurranse forbrukarane til gode i form av meir innovasjon, lågare prisar og betre utval.

### 3.4 Misbruk av dominans

Konkurranselova § 11 forbyr føretak med **dominerande marknadsstilling** å misbruke posisjonen sin. Eit føretak har ei dominerande stilling dersom det kan bestemme prisar, vilkår eller andre forhold utan å ta omsyn til konkurrentar, kundar eller forbrukarane. Slike føretak har eit særleg ansvar for å unngå at deira åtferd hemmar konkurransen.

Misbruk kan omfatte handlingar som:

- **Underprising:** Sal av varer eller tenester til tapande prisar for å presse konkurrentar ut av marknaden.
- **Marginiskvis:** Dominerande føretak kontrollerer både tilgang til varer eller tenester og sluttbrukarprisar, og set prisane slik at konkurrentar ikkje kan oppnå lønsemd.
- **Lojalitetsrabattar:** Spesielle rabattar som gjer at kundar berre kjøpar frå det dominerande føretaket, noko som kan hindre konkurrentar i å få tilgang til marknaden.
- **Eksklusivavtalar:** Avtalar som krev at kundar berre handlar med det dominerande føretaket og ikkje med konkurrentar, noko som kan stenge andre ut frå marknaden.
- **Leveringsnekt:** Når det dominerande føretaket nektar å levere varer eller tenester som er heilt nødvendige for at konkurrentar skal kunne operere i marknaden.
- **Urimelege forretningsvilkår:** Når det dominerande føretaket stiller krav til prisar eller vilkår som er urimelege og til skade for konkurrentar eller kundar.

#### Pågåande etterforskingssak

I februar 2022 gjennomførte Konkurransetilsynet bevissikring hos KLP, Noregs største pensjonsselskap, for mistanke om brot på konkurranselova § 11. Mistanken gjeld KLP si verksemd i marknaden for tenestepensjon. Tilsynet har teke beslag i relevant materiale. KLP spelar ei viktig rolle for over 900 000 nordmenn i offentleg sektor som får pensjon gjennom selskapet. Forvaltningskapitalen til KLP varierer mellom 700 og 1000 milliardar kronar, avhengig av tidsperiode. Etterforskinga er framleis pågåande.

I samband med saka prøver Konkurransetilsynet for retten, kva som er rekkevidda av beslagsfridomen etter konkurranselova for dokument som er utarbeida av internadvokatar. Saka skal opp for lagmannsretten i slutten av april 2025.

#### Avhjelpande tiltak

Føretak som Konkurransetilsynet etterforskar for mogleg brot på §10 (ulovleg samarbeid), eller brot på §11 (misbruk av dominerande stilling), kan foreslå avhjelpande tiltak når som helst under etterforskinga. Desse tiltaka kan vere endringar i eiga åtferd eller strukturelle endringar i



føretaket for å forebygge konkurranseproblema som saka avdekkjer. Å foreslå slike tiltak betyr ikkje at føretaka innrømmer skuld. Når Konkurransetilsynet setter i verk slike tiltak, er dette uavhengig av om det har skjedd brot på konkurranselova. Vedtaket forpliktar føretaka til å etterleve krava som blir sette i verk.

#### **Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt handheving av forbodet mot misbruk av dominans**

##### **INNSATSFAKTORAR**

- Ressursar frå alle marknadsavdelingar og stabar.
- Prioritering av saker etter ressursbruk og effektar.

##### **AKTIVITETAR**

- Pågåande etterforsking mot KLP i marknaden for tenestepensjon.
- Vurdering av tips og klager om mogleg misbruk av dominans.

##### **PRODUKT/TENESTER**

- Etterforskingssaka mot KLP følger planlagde milepælar, inkludert kontakt og dialog med selskapet samt rettslege avklaringar.

##### **BRUKAREFFEKAR**

- Marknadsaktørar med dominerande stilling er forventa å etterleve konkurranselova og tilpasse praksis til regelverket. Dette legg til rette for at andre aktørar lettare kan konkurrere med det dominerande føretaket, og at nye aktørar kan etablere seg i marknaden.
- Betre forståing blant forbrukarar for konsekvensar av misbruk av dominans.

##### **SAMFUNNSEFFEKAR**

- Forbrukarar og andre aktørar får eit reelt val mellom ulike leverandørar av varer og tenester
- Konkurranse bidrar til lågare prisar og betre utval av produkt og tenester.

### **3.5 Fusjonskontroll**

Konkurransetilsynet har som oppgåve å sikre at konkurransen i markedene er effektiv og rettferdig. Dette inneber at vi vurderer korleis føretak er organiserte og samansette når vi mottar meldingar om føretakssamanslutningar. Vi legg vekt på om slike samanslutningar kan føre til ein betydeleg svekking av konkurransen i marknaden.

Konkurranselova § 16 forbyr fusjoner og oppkjøp som kan skade konkurransen. Men vi kan og godkjenne slike samanslåingar som ikkje svekkjer konkurransen, slik at forbrukarane ikkje tapar på det.

#### **TGS Newco og PGS**

Konkurransetilsynet har vurdert føretakssamanslåinga mellom TGS Newco og PGS som begge er aktørar innanfor marknaden for geofysiske tenester med hovudfokus på seismikk. Etter tilsynets varsel om mogleg inngrep og grundig analyse, konkluderte tilsynet med at samanslåinga ikkje vil hindre effektiv konkurranse i marknaden. Saka blei derfor lagt ned i april 2024 før 70-dagars varsel.

## **Norva24 Vest og Vitek Miljø**

I september 2024 la Konkurransetilsynet ned forbod mot Norva24 Vest sitt oppkjøp av Vitek Miljø. I august varsla tilsynet at inngrep kunne bli aktuelt i tråd med 70-dagars fristen. Vedtaket vert fatta etter ei vurdering av at oppkjøpet ville svekkje konkurransen i marknaden for tømme- og spyletenester i tidlegare Hordaland fylke. Føretaka er dei to største aktørane innan desse tenestene i regionen og konsentrasjonen i marknaden ville ha auka betydeleg dersom dei fekk gjennomført oppkjøpet. Norva24 Vest og Vitek Miljø er kvarandre sine næraste konkurrentar, og med oppkjøpet ville konkurransepresset mellom forsvunne. Det kunne ha ført til høgare prisar og dårlegare kvalitet på tømme- og spyletenester for både private, offentlege og bedriftskundar i området.

[I januar 2025 stadfesta Konkurranseskilgemennda vedtaket](#) om forby Norva24 Vest sitt oppkjøp av Vitek Miljø.

## **Saferoad Holding og Ze Bra Holding**

I november 2024 informerte Saferoad Konkurransetilsynet om at dei trekkjer meldinga om oppkjøpet av Ze Bra Holding. Begge aktørane opererer innan marknaden for vegmerking. Oppkjøpet vart meldt i oktober, og Konkurransetilsynet sendte 25-dagers varsel om at tilsynet vurderte å stanse føretakssamanslutninga. Tilsynet meinte at oppkjøpet kunne redusere talet på tilbydarar i marknaden, då Saferoad allereie er den største aktøren. Slik samanslutning kunne ha negativ innverknad på prisar og vilkår for kundane i marknaden. Etter dette valde Saferoad å trekkje meldinga.

## **Fornyng av vedtak - Vipps**

I vedtak V2018-18 vedtok Konkurransetilsynet at Vipps AS fekk kjøpe BankAxept AS og BankID Norge AS på vilkår. Vipps vart mellom anna forplikta til å gje tilgang til BankAxept og BankID på ikkje-diskriminerande vilkår til tredjeparts betalingsløyser. Vedtaket gjaldt i tre år og vart i 2021 fornya med tre nye år.

Konkurransetilsynet har vurdert at føretakssamanslutninga framleis i betydeleg grad vil hindre effektiv konkurranse, og at det er nødvendig å vidareføre vilkåra for dempe dei negative verknadane av føretakssamanslutninga på konkurransen. Vedtaket blei derfor i 2024 forlenga i tre nye år, til og med 27. april 2027.

## **Meldeplikt for fusjonar og oppkjøp**


[Konkurranselova § 18](#) krev at føretak melder frå om fusjonar og oppkjøp til Konkurransetilsynet dersom dei samla har ei årleg omsetning på over 1 milliard kroner. Dersom berre eit av selskapa omset for meir enn 100 millionar kroner, er det ikkje nødvendig å melde. Fusjonar som overstig [desse grensene](#), kan ikkje fullførast før Konkurransetilsynet har motteke meldinga og behandla saka.

I nokre tilfelle kan Konkurransetilsynet krevje melding sjølv om grensene ikkje er nådde. Dette skjer dersom fusjonen kan påverke konkurransen eller det finst andre grunnar til å sjå nærare på saka, til dømes fare for.


## Opplysningsplikt

Konkurransetilsynet kan etter [konkurranselova § 24](#) krevje at føretak gir opplysningar om fusjonar og oppkjøp, spesielt i marknader med svak konkurranse eller høg marknadskonsentrasjon. Dette er fordi sjølv kjøp av mindre føretak kan skade konkurransen og føre til høgare prisar og dårlegare tilbod for forbrukarane. Føretak må derfor informere om alle føretakssamanslåingar, sjølv dei som er under grensa for meldeplikt. [Opplysningsplikta](#) varer i to år.

### Tal på mottekne meldingar om føretakssamanslåingar 2014-2024 (glidande gjennomsnitt) <sup>7</sup>



### Avslutning av fusjonssaker der Konkurransetilsynet har sendt varsel om mogleg inngrep 2019-2024



<sup>7</sup> Frå 2014 vart terskelen for melding om føretakssamanslutninga senka frå ein samla årleg omsetning på 1 milliard kroner til 100 millionar kroner for minst to av føretaka involvert i samanslutninga.

## Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt arbeid med fusjonskontroll

### INNSATSAKTORAR

- Alle marknadsavdelingane arbeider med fusjonskontroll.
- Juridisk og økonomisk stab støttar opp i prioriterte saker gjennom informasjonspålegg, marknadsundersøkingar med meir.
- Sakene blir prioriterte ut frå ressursbruk og effekt på marknaden.

### AKTIVITETAR

- 151 meldingar om føretakssamanslutningar mottatt.
- Avslutta 147 meldingar om føretakssamanslutningar innan 25 verkedagar.
- Påla og følgde opp [opplysningsplikt i konsentrerte marknader](#).
- Marknadsovervaking for å vurdere behov for pålegg av meldeplikt eller opplysningsplikt, og pålagt meldeplikt der nødvendig.

### PRODUKT/TENESTER

- Føretakssamanslutninga mellom Norva24 Vest og Vitek Miljø vart forboden.
- Føretakssamanslutninga mellom TGS og PGS godkjend.
- Fornyng av vedtak frå 2018 på vilkår for Vipps.

### BRUKAREFFEKAR

- Føretaka følgjer reglane om meldeplikt og opplysningsplikt.
- Føretaka skrinlegg planar om konkurranseskadelege fusjonar og oppkjøp.
- Ordning med forenkla melding og raske avklaringar gjer det enklare for næringslivsaktørane å gjennomføre fusjonar og oppkjøp som ikkje skadar konkurransen.

### SAMFUNNSEFFEKAR

- Auke i konsentrasjon som kunne ført til dårleg konkurranse blir unngått.
- Forbrukarar blir skåna for høgare prisar, mindre utval og mindre innovasjon som følgje av avgrensa konkurranse.

## 3.6 Daglegvaremarknaden

[Daglegvaremarknaden](#) har i fleire år vore ein prioritet i Konkurransetilsynets arbeid. Marknaden er kjenneteikna av høg konsentrasjon og høge etableringshindringar, noko som normalt ikkje gir gode forhold for sunn konkurranse. Når inflasjon og generell prisstigning kjem på toppen, slik tilfellet har vore dei siste åra, kan det gå hardt utover forbrukarane. Konkurransetilsynet har derfor også i 2024 arbeidd med saker som er viktige for å betre konkurranse i marknaden. Fleire av desse blir omtala nærare nedanfor.

For Konkurransetilsynet er det viktig med god og tett dialog med verksemder, interesseorganisasjonar og andre offentlege myndigheiter tilknytte daglegvaremarknaden. Tilsynet har derfor fleire møter med ulike aktørar gjennom året. Slike møter er nødvendige for at tilsynet skal få oppdatert kunnskap om utviklinga i marknaden, men også for å skape større forståing for dei positive verknadene av konkurranse for både forbrukarane, samfunnet og næringslivet.

Konkurransetilsynet er nøgd med at prisutviklinga på daglegvarer har flata noko ut samanlikna med føregåande år. Medan prisveksten var på nærare 10 prosent i 2023, var han i 2024 på 4

prosent. Tilsynet vil gjere sitt for at denne trenden skal held frem og prioriterer vidare saker og utgreiingar som kan bidra til betre føreseielege vilkår for sunn konkurranse i daglegvaremarknaden.

### **Etterforskingssaka mot Rema, Coop og NorgesGruppen**

I august vedtok tilsynet å påleggje daglegvarekjedene bøter på til saman 4,9 milliardar kroner for brot på konkurranselovas forbod mot konkurranseavgrensande samarbeid. Tilsynet fann at kjedenes samarbeid om å gje tilgang til omfattande prisjegerverksemd i kvarandre sine butikkar har skada konkurransen i daglegvaremarknaden. Saka er nærare omtalt ovanfor under [kapittel 3.3 Kartellavdekking og ulovleg samarbeid](#).

### **Margin- og lønnsstudie**

Konkurransetilsynet gjennomførte i 2024 ein marginstudie i daglegvaremarknaden, der lønnsmda og marginane til utvalde daglegvareaktørar og leverandørar vart kartlagde. Marginstudien resulterte i to offentlege delrapportar, og var svar på bestillinga i regjeringas tildelingsbrev for 2023.

[I del 1 av marginstudien](#) kartla Konkurransetilsynet lønnsmda i daglegvaremarknaden frå 2017 til 2022. Studien viser at lønnsmda generelt var høgare enn det ein forventar i ein marknad med hard konkurranse og låge etableringshindringar. Tilsynet fann likevel få teikn på at aktørane utnytta koronapandemien eller krigen i Ukraina til å auke lønnsmda.

[Del 2 av marginstudien](#) fokuserte på marginar ved bruk av informasjon på produktnivå for perioden 2020 til første halvår 2023. Studien viser at det var stor variasjon i innteninga på ulike daglegvareprodukt. Vidare fann Konkurransetilsynet at daglegvarekjedene hadde lågare margin på sine egne merkevarer enn på dei kartlagde merkevareprodukt.

### **Kartlegging av forskjellar i innkjøpsprisar**

Konkurransetilsynet har sidan 2017 samla inn detaljert informasjon om kva dei tre største daglegvarekjedene betaler for varer frå ei rekke leverandørar i marknaden. Kartlegginga av priskjellar er ein viktig del av Konkurransetilsynet si oppfølging av daglegvaremarknaden, og vil derfor halde fram som ein del av tilsynet sitt arbeid med konkurransen i marknaden. [Kartlegginga](#) viser at dei samla priskjellane har blitt betydeleg redusert sidan undersøkinga starta.

### **Negative servituttar**

Konkurransetilsynet har tidlegare kartlagt daglegvarekjedenes bruk av såkalla tinglyste negative servituttar, som hindrar etablering av daglegvareverksemd på eigedomar kjedene ikkje sjølv eig. Kartlegginga avdekte at daglegvarekjedene hadde eit ikkje ubetydeleg tal slike servituttar.

Ei forskrift som forbyr bruk av negative servituttar for å avgrense etablering av daglegvareverksemd tredde i kraft 1. januar 2024. Vinteren 2024 gjennomførte tilsynet nye undersøkingar for å kartleggje omfanget av daglegvarekjedenes negative servituttar. Kartlegginga omfatta servituttar stifta av føretak som direkte eller indirekte kontrollerer Coop, Rema, NorgesGruppen og Bunnpris. Undersøkingane avdekte at aktørane hadde negative servituttar som var stifta før forskrifta tredde i kraft, og at det i varierende grad førelåg konkrete planar om å slette desse. Enkelte aktørar hadde likevel allereie starta arbeidet med å slette servituttane då tilsynet tok kontakt.

Undersøkingane til tilsynet tyder også på at fleire av daglegvarekjedenes samarbeidspartnarar har stifta tinglyste negative servituttar til fordel for daglegvarekjedene.

Tilgang til eigna lokale er ei etableringshindring i daglegvaremarknaden, og tilsynet held fram arbeidet med å få betre oversikt over kjedene sin kontroll med eigedomar som kan nyttast til daglegvareverksemd.

### **Overgang frå målpris til volumprismodell i meierimarknaden**

Konkurransetilsynet er oppteke av betydninga sunn konkurranse har for utviklinga i alle ledd i verdikjeda, også i primærleddet. Tilsynet meiner at auka forståing for korleis gode konkurransevilkår også gagnar bøndene, er viktig for å oppretthalde norsk landbruk.

I 2024 vart prismodellen for mjølk endra frå målpris til volumpris. [I høyringssvar](#) 15. oktober uttalte tilsynet at ordninga gir for mykje makt til den dominerande marknadsaktøren, noko som kan føre til høgare priser og dårlegare utval av meieriprodukt over tid. Tilsynet oppmoda derfor til innføring av kontrollmekanismar som sikrar forbrukarane og sunn konkurranse

Landbruksdirektoratet har no starta arbeidet med å utreie korleis konkurransenøytralitet skal sikrast under den nye prismodellen. Konkurransetilsynet deltek i dette arbeidet.

### **Regulering av innkjøpsprisar**

Like før nyttår 2023 fremja Nærings- og fiskeridepartementet nytt forslag om regulering av innkjøpsprisar i daglegvaremarknaden. Forslaget var basert på innspel som kom frå førre høyringsrunde i 2022.

Konkurransetilsynet fann fleire [utfordringar ved forslaget](#), mellom anna at forskrifta ikkje var eigna til å løyse eventuelle problem knytt til etablering og ekspansjon for små aktørar, og at den også reint rettsleg ville vere vanskeleg å handheve.

Konkurransetilsynet uttalte i høyringssvaret at det deler departementet sitt ønske om lågare etableringshindringar i daglegvaremarknaden, [men at andre verkemiddel enn forskrift er nødvendig for å få dette til](#). Tilsynet trekte særskilt fram justeringar i importvernet og betre tilgang til lokalar. Det fann også at innføring av eit marknadsetterforskningsverktøy ville vere betre eigna til å adressere dei utfordringane forskrifta er meint å løyse.

### **Daglegvarekonferanse**

I august 2024 inviterte Konkurransetilsynet til ein konferanse om konkurransesituasjonen i den norske daglegvaremarknaden. Konferansen fann sted i Oslo, på Deichman-biblioteket.

Medieoppslag om daglegvaremarknaden handlar ofte om dei store, etablerte aktørane. Konkurransetilsynet er opptatt av at offentlegheita også skal bli kjent med dei som prøver å utfordre desse. Dersom dei ikkje blir synlege, veit ikkje forbrukar om at det faktisk finst alternativ til dei store og kjedene. Konferansen hadde derfor særleg [fokus på mindre aktørar](#) i detaljist- og leverandørleddet i daglegvaremarknaden.

Tilsynet inviterte også svenske konkurransemyndigheiter til ein samtale om forskjellar og likskapar mellom den norske og svenske daglegvaremarknaden. Samtalen var basert på ei nyleg kartlegging av konkurranseforholda i den svenske daglegvaremarknaden, som avdekte at Sverige har [mange av dei same utfordringane som i Noreg](#).

## Daglegvarerapport 2023

I januar 2024 publiserte Konkurransetilsynet [daglegvarerapporten for 2023](#). I rapporten skildrar tilsynet utviklinga i marknaden det siste året, samt tilsynet sitt arbeid med marknaden.

Det ble mellom anna presentert resultatata frå ein grundig kartlegging av den lokale konkurransen i daglegvaremarknaden. Tilsynet fann at delar av kjedene si omsetning er heilt skjerma for lokal konkurranse, og vidare at det finst fleire lokale marknader med særleg høg konsentrasjon.

### Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt arbeid i daglegvaremarknaden

#### INNSATSAKTIVITETAR

- Ressursar frå marknadsavdeling for mat, handel og helse og andre einingar i tilsynet.
- Prioritering av ressursar til å styrke daglegvaremarknaden.

#### AKTIVITETAR

- Generell marknadsovervaking.
- Kartla negative servituttar knytt til daglegvarekjedene sine eigedommar per 1. januar 2024.
- Kartlegging [av innkjøpsprisar i daglegvaremarknaden](#).
- Daglegvarekonferanse
- Undersøking av lokal konkurranse på butikknivå.
- Vurderingar av fusjonsmeldingar og kontroll av om opplysnings- og meldeplikt etterlevast.
- Møter med ulike aktørar i marknaden.
- Deltaking på relevante kurs og konferansar
- Jamlege møter med mellom anna Daglegvaretilsynet, Forbrukerrådet og Landbruksdirektoratet.

#### PRODUKT/TENESTER

- Etterforskinga mot daglegvareaktørane er avslutta, og et gebyr på 4,9 milliardar kroner er pålagt.
- Studie av marginar og lønnsemd del 1 og del 2.
- Høyringsssvar.
- Daglegvarerapport for 2023.
- Kronikkar.
- Fornya opplysningsplikt for daglegvarebutikkar.

#### BRUKAREFFEKAR

- Hjelper aktørar i daglegvaremarknaden å følgje konkurranselova.
- Marknadsovervaking disiplinere aktørane i marknaden.
- Meir opplyste forbrukarar.

#### SAMFUNNSEFFEKAR

Betre konkurranse i daglegvaremarknaden gir lågare prisar, meir innovasjon og betre utval for forbrukarane.

## 3.7 Konkurranse i ein digital økonomi

Konkurransetilsynet har stort fokus på konkurransen i digitale marknader og særleg på den aukande bruken av prisalgoritmar og korleis dette påverkar konkurransen. For å styrkje arbeidet med utfordringar knytt til digitale marknader og aktørar sin bruk av digitale verktøy som kan

skade konkurransen, har tilsynet satt i gang fleire interne prosjekt. Desse prosjekta skal auke kompetansen og gjere tilsynet betre rusta til å avdekke konkurranseproblem i den digitale økonomien.

### 3.7.1 Maskinlæringsplattforma

Sidan 2023 har Konkurransetilsynet satsa på bruk av maskinlæringsplattforma. Plattforma gjer det mogleg å oppbevare og behandle sensitiv data på ein trygg måte, samtidig som den er skalerbar og kostnadseffektiv. Den gir også tilgang til eit breitt utval av modellar bygd på kunstig intelligens (KI). Dette gjer at vi kan fokusere på bruken av KI utan å bekymre oss for underliggande teknologi og infrastruktur.

Plattforma opnar nye moglegheiter for behandling av både kvantitative og kvalitative analysar ar marknadssdata frå utvalde interne og eksterne kjelder ved hjelp av maskinlæring og kunstig intelligens. Til dømes kan plattforma gjere det mogleg å simulere samspel mellom fleire aktørar i komplekse system og analysere korleis prisalgoritmar fungerer i praksis. Slike analysar gir oss betre innsikt i marknadskrefter og potensielle skadeverknader av konkurransehemmande åtfærd.

For å styrkje tilsynets analyseevne samarbeider vi med aktørar som bidreg til å forbetre og utvide vår portefølje av analysar, samstundes som kvaliteten og hastigheita på analysane aukar. Vi samarbeider og tett med andre offentlege etatar, som Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) og Brønnøysundregistret, om utveksling av data for å betre forstå ulike marknader og avdekkje potensielle kartell. I tillegg har vi eit nært samarbeid med andre lands konkurransestyresmakter der vi utvekslar og utviklar metodar for kartellavdekking.

I løpet av 2024 har vi teke ytterlegare steg i å bygge ei moderne digital verktøykasse for framtida. Den nyoppretta eininga for data og analyse har kome godt i gang med å utvikle nye verktøy i plattforma, til dømes verktøy for transkribering av tale til tekst, samt verktøy for oppsummering og indeksering av dokument. Vidare integrerer vi stadig nye datakjelder og vidareutviklar funksjonaliteten i plattforma, noko som styrkjer vår kapasitet i den digitale økonomien og gjer tilsynsarbeidet meir effektiv.

### 3.7.2 Kunstig Intelligens

#### Kunstig intelligens og konkurranse

Kunstig intelligens (KI) gir store moglegheiter innanfor innovasjon og effektivisering, men kan også påverke konkurransen. KI kan brukast til å analysere store datamengder og utvikle avanserte prisalgoritmar, noko som skapar nye utfordringar. For eksempel kan lynrask deling av marknadssensitiv informasjon og bruk av sjølvlærande prisalgoritmar potensielt føre til priskoordinering utan menneskeleg innblanding. Store aktørar med tilgang til omfattande datamengder kan oppnå konkurransefordelar som gjer det vanskelegare for mindre aktørar å etablere seg.

EU har utarbeidd ei [KI-forordning](#) som legg større ansvar på bedrifter. Dei må kunne dokumentere teknologi som prisalgoritmar ikkje fører til skadeleg koordinering av prisar, og at bruken av KI ikkje gir utilsikta negative konsekvensar for forbrukarane. I Noreg har [Konkurransetilsynet peika](#) på behovet for meir fleksibilitet i konkurransekontrollen for å avdekkje nye former for konkurranseavgrensingar. For å sikre at KI vert brukt til å styrkje innovasjon og rettferdig konkurranse, følgjer vi utviklinga i fagfeltet tett og samarbeider med internasjonale aktørar.



## Kunstig intelligens i vårt arbeid

I 2024 har vi arbeidd med å utforske korleis KI kan effektivisere saksbehandlinga og styrkje analysekapasiteten vårt. Vi har identifisert fleire bruksområde som vil effektivisere vår saksbehandling og utvikla konkrete verktøy som vil bli gjort tilgjengeleg for alle medarbeidarar i 2025. Det er viktig for oss at alle våre KI-tiltak bidreg direkte til ei meir effektiv handheving av konkurranselova. Vi følgjer med på utviklinga i KI-marknaden, slik som tilgangen til treningsdata, maskinvare og andre ressursar som er nødvendige for å utvikle KI-verktøy.

Nokre av KI-baserte verktøy har vi allereie tekne i bruk:

- **Automatisk omsetjing av dokument**  
Ved bruk av Azure AI Translator kan vi no omsetje dokument i opptil 150 språk, samtidig som formateringa blir bevart. Dette gjer det enklare for oss å dele informasjon på andre språk og auke forståing av framandspråklege dokumenter.
- **Avskrift av lyd- og videoopptak**  
Vi har tatt i bruk ei verktøy som transkriberer opptak til tekst. Dette gjer opptak søkbare, forenkler dokumentasjon av møter og referat, og gjer det enklare å dele informasjonen meir effektivt.
- **Bruk av store språkmodellar (LLMs)**  
Vi har brukt LLMs i fleire prosjekt, blant anna til oppsummering av dokument, utvinning av nøkkelinformasjon og klassifisering av nyheitsartiklar og dokument. Dette inkluderer til dømes å identifisere om ein nyheitsartikkel handlar om føretakssamanslutningar eller nemner eit selskap vi følgjer med på.
- **Analyse av konkurranseforhold**  
Vi har brukt maskinlæring til å analysere datasett med både numeriske og ikkje-numeriske variablar for å forstå dei underliggjande kreftene som driv prisendringar i eit marked. Vi har og gjennomført numeriske analysar, som i oppdaging av kartell i anbudsdata og marknadsdelanalysar.

For å sikre at investeringane i KI gir mest mogleg verdi, legg vi vekt på at løysingane skal vere gjenbrukbare, breitt forankra i organisasjonen og tilpasse våre medarbeidarane sine behov.

### 3.7.3 Marknadsetterforskningsverktøyet

Auka digitalisering i økonomien gjer markedene stadig meir komplekse. Våren 2023 la Nærings- og fiskeridepartementet fram eit forslag om lovendingar, med bakgrunn i blant anna bekymringar knytt til auka bruk av kunstig intelligens og prisalgoritmar. Desse teknologiane kan leggje til rette for stilleiande samarbeid som kan svekkje konkurransen og påverke forbrukarane negativt.

[Stortinget har vedteke endringar i konkurranselova som innfører marknadsetterforskning](#) som eit nytt verktøy for handheving av konkurranselova. Desse endringane trer i kraft frå 1. juli 2025. Formålet med lovendinga er å gi Konkurransetilsynet moglegheit til å fatte vedtak om avhjelpande tiltak dersom tilsynet avdekkjer forhold som vesentleg avgrensar konkurransen, eller som kan føre til dette.

Før Konkurransetilsynet startar ei etterforskning, må det gjennomførast ei open høyring for å sikre dialog med alle ramma aktørar. Dette er avgjerande for å sikre at tiltaka som vert sette i verk er målretta, effektive og forholdsmessige, og at dei ikkje går lenger enn nødvendig.

### 3.8 Pådrivar for konkurranse

Konkurransetilsynet skal vere ein aktiv pådrivar for velfungerande konkurranse. Gjennom synlegheit og rettleiing arbeider tilsynet for å auke kunnskapen om tilsynet sitt arbeid og styrkje næringslivet sitt kjennskap til konkurransereglane. Auka merksemd om konkurranse som eit verkemiddel for effektiv ressursbruk kan bidra til å utvikle betre løysingar, inkludert endringar i reguleringar som legg til rette for meir konkurranse.

Konkurransetilsynet har eit breitt spekter av pådrivar- og rettleiingsaktiviteter, noko som kjem fram i tabellen nedanfor. Tiltaka våre spenner frå høyringsfråsegn og påpeikingar ved konkurransehemmande reguleringar til informasjonskampanjar, medieoppslag, konferansar, webinar, innlegg i sosiale medium og skulebesøk. Målet vårt er å nå viktige målgrupper gjennom aktivt informasjonsarbeid på ulike plattformer for å auke kunnskapen om konkurranselova og fremje forståing av kva som skal til for å oppnå sunn konkurranse til det beste for samfunnet, næringsliv og forbrukarane.

I 2024 vart det gjennomført ei brei tips-kampanje som inkluderte både ein nasjonal annonsekampanje, postar på sosiale medium og informasjonsmøte med næringsliv i dei største byane i Noreg. Målet var å få inn fleire tips og auke kunnskapen om konkurranselova.

Frå midten av fjoråret var det avgjort at Konkurransetilsynet ikkje lengre vil halde fram på Facebook og X. Det vart avgjort på bakgrunn av fleire årsaker, mellom anna dei to plattformane sine brot på personvern, og videresal av brukarar sine personopplysningar til tredjepartar. Tilsynet vil halde fram på LinkedIn, ein kanal der tilsynet stadig får fleire følgjarar.

#### Rettleiing

Konkurransetilsynet tilbyr [rettleiing](#) til ulike aktørar gjennom ulike kanalar. Det finst omfattande informasjon om konkurranselova på [heimesidene våre](#) og vi svarar på generelle spørsmål via telefon, e-post og i fysiske møter. I tillegg blir det held foredrag og innlegg på kurs og konferansar i samarbeid med bransjeorganisasjonar og andre relevante aktørar. I januar vidareførte [tilsynet opplysningsplikta til aktørar i konsentrerte marknader](#). Det er også laga [videoar for enkel innføring i konkurransereglane](#).

Tilsynet gir generell rettleiing, informasjon om reglar og tidlegare praksis, men har ikkje høve gi godkjenning på førehand i einskilde saker. Tilsynet sine vedtak inneheld omfattande juridiske og økonomiske vurderingar som kan overførast til andre saker og problemstillingar. Ekspertane våre skildrar aktuelle tema innanfor konkurranselovgjeving gjennom [Konkurransespodden](#) og [ulike kronikkar](#) om emne som effektiv konkurranse, prisregulering og fusjonskontroll. Den årlege [juskonferansen](#) i juni gir også verdifull rettleiing og innsikt i norsk og EU/EØS-lovgjeving.

#### Konkurranshemmande reguleringar

I 2021 lanserte Konkurransetilsynet ein [tipsfunksjon](#) der næringsdrivande og andre kan melde frå om reguleringar som blir oppfatta som konkurransehemmande. I 2024 fekk vi 33 tips som vart vurderte for oppfølging. Desse tipsa bidreg til at vi kan ivareta oppgåvene våre etter [konkurranselova § 9e](#), som inneber å påpeike konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak.

## Resultatkjede for Konkurransetilsynet sitt arbeid med å vere pådrivar for konkurranse

### INNSATSAKTORAR

- Ressursar frå kommunikasjonsstab, konkurransedirektøren sin stab og marknadsavdelingane.
- Medieovervaking.

Informasjon – og vegleingstiltak	2024
Sidevisningar på konkurransetilsynet.no	432 226
Nytt nynorsk innhald på kt.no	24,5%
Miljøklassifisering konkurransetilsynet.no	B (Carbon rating)
Total abonnentar på nyheitsvarsel frå Konkurransetilsynet	905
Følgjarar på sosiale medium	LinkedIn: 3916
Nynorsk innhald på sosiale medium	28 innlegg (34,1 %)
Tal webinar	4
Føredrag	38
Innsynskrav	881 <sup>8</sup>
Tal podkastepisodar	1 <sup>9</sup>
Total nedlasting av podkast	11.4K totalt
Tal kronikkar	11
Tal konferansar	2
Tal høyringsfråsegn	12
Tal rapportar	3
Tal påpeikingar	0
Tal skulebesøk	353 elever fordelt på 13 skuleklassar
Tal tips konkurransehemmande reguleringar	33
Tal medieoppslag	4652
Klart språk-kurs internt	2

<sup>8</sup> Inkluderer ikkje partsinnsyn.

<sup>9</sup> På grunn av personalmessige endringar ble podkast-produksjonen nedprioritert. Ein ny sesong startar i 2025.

#### BRUKAREFFEK TAR

- Auka kjennskap til Konkurransetilsynet sitt arbeid og konkurranselova.
- Fleire føretaksleiarar tar aktive grep for å sikre at verksemda følgjer konkurransereglane.
- Fjerning av konkurransehemma nde reguleringar for å få fremje verksam konkurranse.

#### SAMFUNNSEFFEK TAR

- Velfungerande marknader som gir lågare prisar, betre utval og kvalitet, og meir innovasjon.

### 3.9 Internasjonalt arbeid

I 2024 har Konkurransetilsynet vore aktivt i fleire viktige internasjonale forum. Målet er å ivareta oppgåvene våre for departementet, oppfylle lovpålagde plikter, bidra med erfaringane våre og dra nytte av internasjonal kunnskap for å ivareta oppgåvene våre på ein endå betre måte.

Vi har mellom anna delteke i det Europeiske Konkurransenettverket (ECN) og OECDs Konkurranseskomité. Vi samarbeider òg med nordiske og internasjonale partnarar gjennom det nordiske samarbeidet og International Competition Network (ICN). [Gjennom desse nettverka](#) deler vi kunnskap og lærer av andre, noko som styrkjer evna vår til å fremje velfungerande konkurranse.

#### Høgdepunkt frå det internasjonale arbeidet i 2024:

- **EØS-arbeid:** Gjennom EØS-avtalen har vi ansvar for å handheve konkurransereglane. Vi deltok i både formelle og uformelle møter knytt til EØS, noko som sikrar at vi er oppdaterte og bidreg aktivt i viktige diskusjonar.
- **ECN-nettverket:** ECN består av 10 arbeidsgrupper, 11 sektorvise undergrupper, og eigne grupper for Digital Markets Act (DMA) og internasjonalt samarbeid. Vidare er det 2 årlege plenarmøte og møte mellom generaldirektørane i nettverket. Det vart arrangert 36 møter i nettverket, nokre av dei digitale. Vi held NFD informert om regelverkssaker som det arbeidast med i nettverket.
- **Digital Markets Act (DMA):** DMA er ein EU-forordning som skal regulere store digitale plattformer for å fremje opne og rettferdige marknader, samt verne forbrukarar og mindre aktørar i digitale marknader. Arbeidet med utforminga av DMA har vore særleg viktig å følgje og rapportere på. Vi har delteke i møter knytt til DMA i ECN- og EFTA-samanheng, og bidrege i ei interdepartemental arbeidsgruppe.
- **EFTA-Samarbeid:** Vi har hatt tett kontakt med EFTA sitt overvakingsorgan ESA. I oktober besøkte ein ESA-delegasjon tilsynet i Bergen for å arrangere eit internseminar om regelverket knytt til EØS-avtalen sine konkurransereglar. Under besøket var det og halde møte mellom leiinga i dei to tilsynsorgana for å diskutere aktuelle problemstillingar. I tillegg samarbeider tilsynet med dei andre EFTA-landa gjennom EFTA Competition Network.
- **Bilaterale møter:** God dialog med andre konkurransestyresmakter i Europa er viktig for å handheve konkurransereglane effektivt. Vi hadde bilaterale møter med konkurransestyresmaktene i Austerrike, Tyskland og Frankrike.
- **OECDs Konkurranseskomite:** Konkurransetilsynet representerer Noreg i OECD sin Konkurranseskomité. Komiteen har møter som varer i ein uke to gangar i året. I tillegg [til å bidra til årsrapporten for 2023](#), bidrog vi med to skriftlege innlegg: Eit skriftleg bidrag til sesjonen om "*Konkurranse i forsyningskjeden for mat*" og eit til sesjonen på "*Interaksjon mellom konkurranse og demokrati*".

Konkurransedirektøren deltok og aktivt i Byrådet, det styrande organet for Konkurranseskomiteen.

- **Nordisk samarbeid:** Vi deltek i fleire nettverksgrupper for erfaringsutveksling og praktisk handhevingsamarbeid, i tillegg til det årlege møtet mellom konkurransestyresmaktene og møter mellom konkurransedirektørane.
    - I januar blei den nordiske rapporten "*Competition and Labour markets*" publisert. Rapporten rettar søkelyset mot konkurransehemmande avtalar som påverkar arbeidsmarknaden.
    - I mai møttes kommunikasjonsstabane frå dei nordiske konkurransestyresmakt hos det danske konkurransetilsynet i København.
    - Det var halde møte i ein nordisk nettverksgruppe i Helsinki, der deltakarane utveksla erfaringar om innsamling og analyse av data frå offentlege innkjøp.
  - **Årlege nordiske møte:** Det årlege møtet mellom dei nordiske konkurransestyresmaktene vart halde i Turku, Finland. I den samanhengen organiserte Konkurransetilsynet ein sesjon med fokus på inngrepsterskelen i fusjonskontrollen. Vi deltok òg aktivt på dei andre temamøta om marknadene for skytenestar, lading av elbilar og marknadsetterforskning. Vidare har dei nordiske konkurransedirektørane hatt jamleg kontakt gjennom året, mellom anna ved det årlege generaldirektørmøtet, som vart arrangert på Svalbard.
- ICN-samarbeidet:** Konkurransetilsynet har vore med å leie ICN Merger Working Group og har i den samanhengen vore med på å arrangere eit webinar om vurdering av effektivitetsgevinstar i fusjonskontrollen. Dette var ein del av webinar-rekke om "*Investigative Techniques in Merger Control*".

### 3.10 Miljø og berekraft

Berekraftig utvikling og konkurransepolitikk står sentralt i Konkurransetilsynet sitt arbeid. Konkurransereglane må brukast og handhevast på ein måte som fremjar berekraft. Det betyr at Konkurransetilsynet aktivt handhevar brot på konkurranselova som hemmar berekraft.

Vi ser på konkurranse som eit kraftfullt verktøy for innovasjon og omstilling, og ein katalysator for ein berekraftig utvikling i norsk økonomi. Samtidig er vi opptekne av at konkurransereglane ikkje skal hindre samarbeid som bidreg positivt til berekraftig utvikling.

#### Høyringsvar i 2024

- **NOU 2023:26**  
Konkurransetilsynet støttar forslaget om å forenkla og modernisere regelverket for offentlege anskaffingar, men meiner at omsynet til konkurranse må vektleggast tydelegare. Grøne offentlege anskaffingar kan redusere konkurranse på kort sikt, men på lengre sikt stimulere innovasjon og konkurranse om berekraftige løysingar. Det er behov for eit regelverk som gir innkjøparane tilstrekkeleg fleksibilitet til å utforme anbod på ein god måte, i samsvar med målet om effektiv og berekraftig bruk av samfunnets ressursar. Samtidig må konkurransen ikkje avgrensast på ein måte som i realiteten hindrar både effektivitet og berekraft.
- **Tilgjengeleggjering av ladeprisar**  
God konkurranse i lademarknaden gir elbilistar lågare priser og høgare kvalitet. Konkurransetilsynet er positiv til EU-krav om sanntids trafikkinformasjon som gjer det enklare for bilistar å velje det beste ladetilbodet. Samstundes er det viktig å utforme slike tenester slik at dei kjem kundane til gode utan å avgrense konkurransen.

- [Batteriforordninga og berekraft](#)

EU si batteriforordning er viktig for å sikre berekraft, nå gjenvinnings- og innsamlingsmål, og støtte overgangen til ein sirkulær økonomi, noko som er ein viktig del av EUs strategi. Konkurransetilsynet er positiv til at forordninga gjennomførast i norsk rett, men peiker på at det ikkje må bidra til deling av meir informasjon enn det som er strengt naudsynt for at produsentansvarsselskapa kan ivareta forpliktingane sine.

### **Oppfølging og deltaking i berekraftsdebattar**

Konkurransetilsynet følgjer utviklinga i andre land og har i 2024 deltatt på møter om berekraft i regi av ICN og ECN.

Marknaden for lading av elbilar er viktig for å redusere utslepp frå biltransport. I 2024 [fornya vi opplysningsplikta](#) for dei fem største aktørane innan hurtiglading og lynlading i Noreg.

Vi har og bidratt til diskusjonar om konkurranse og berekraft, mellom anna ved å delta på eit frukostseminar om [konkurranserett og berekraft](#) i regi av Arntsen de Besche. Her diskuterte vi korleis konkurranselovera fremjar, eller kan fremje, ein berekraftig utvikling. I tillegg har vi deltatt i podkasten [Bærekraftseventyret](#), om kvifor konkurranse er viktig for berekraft.

### **3.11 Konkurransesfagleg forskning og utgreiing**

Konkurransesfagleg forskning er viktig for arbeidet til Konkurransetilsynet. Sidan 2014 har tilsynet finansiert forskning innan konkurranseøkonomi og konkurranserett. Dette har styrkt norske forskingsmiljø på desse fagfelta og gitt nyttig kunnskap for Konkurransetilsynet. Dei seinare åra har finansieringa skjedd gjennom øyremerkta midlar over budsjettet til Konkurransetilsynet.

I 2024 omfatta dei pågåande forskingsprosjekta tema som konkurransen i daglegvaremarknaden, kartellpolitikk, mediemarknaden og digitale plattformer. Fleire forskingsprosjekt vart avslutta med gode resultat. Ei detaljert oversikt over forskingsprosjekta i 2024 er tilgjengeleg i vedlegg 1, medan ei fullstendig oversikt over alle forskingsprosjekt og artiklar finst på vår [nettside](#).

I 2024 vart det tildelt midlar på om lag 2,4 millionar kroner til tre prosjekt. Desse prosjekta skal mellom anna studere berekraft og konkurransen i digitale plattformmarknader.

For 2025 er Konkurransetilsynet tildelt 2,2 millionar kroner i forskningstilskot. Ved å støtte nye prosjekt ønskjer vi å fremje kunnskapsdeling mellom tilsynet og akademien. Vidare satsing på forskning og utgreiing bidreg til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for konkurransepolitikken og sikre effektiv handheving av konkurranselovera.

Nye forskingsprosjekt fremjar kunnskapsdeling mellom tilsynet og akademien. Vidare satsing på forskning og utgreiing styrkjer kunnskapsgrunnlaget for konkurransepolitikken og sikrar effektiv handheving av konkurranselovera.

### **Tildeling av prisar for beste masteroppgåver**

Kvart år sidan 2004 har Konkurransetilsynet delt ut pris for beste masteroppgåve innan konkurranseøkonomi og konkurranserett. Prisen er på 25 000 kroner for kvart fagområde. Formålet med prisen er å auke studentane sitt interesse for konkurransepolitikk og styrkje nettverket mellom akademien og tilsynet.

I 2024 vart Hien Nguyen Thi Thu og Kenneth Hartmann frå Noregs Handelshøgskule (NHH) tildelt prisen innan konkurranseøkonomi for oppgåva "[Restrictive covenants in the Norwegian grocery](#)

[market: an empirical study](#)".

Savas Julian Johnstad Gabor frå Universitet i Oslo (UiO) vart tildelt prisen innan konkurranserett for oppgåva "[Agreements That Mitigate Climate Change and the Prohibition of Anticompetitive Agreements in Article 101 TFEU](#)"

[Her](#) kan du lese om tidlegare prisvinnarar og oppgåver.

## 4 Styring og kontroll i verksemda


---

### 4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

#### Verksemdstyring

Strategiplan for 2022-2027 styrer korleis Konkurransetilsynet jobbar: kva vi prioriterer og kva retningar vi vel i denne perioden. Strategiplanen heng saman med andre viktige dokument, som verksemdsplan, månadsrapportar og årsrapport, i tillegg til føringane i tildelingsbrevet. Dette gir oss ein klar plan for kva vi skal fokusere på og korleis vi rapporterer resultatane våre.

Når vi tek avgjerder om verksemdstyring, vurderer kva resultat vi ønskjer å oppnå. Dette inneber at vi kontinuerleg vurderer korleis vi brukar ressursane våre for å skape størst mogleg verdi for samfunnet. Vi justerer metodar og prioriteringar etter desse vurderingane.



#### Etatsstyringsdialog

Konkurransetilsynet har ein løpande og konstruktiv dialog med avdelinga for konkurransepolitikk, selskapsrett og næringsøkonomi i Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). Dialogen om effektane av arbeidet vårt står sentralt.

I 2024 var fokusområda daglegvare, digitalisering, samt konkurranse og berekraft. Vi rapporterer om oppnådde mål i samsvar med krava i tildelingsbrevet og departementets bestillingar. Det vart gjennomført to etatsstyringsmøte i 2024.

#### Internkontroll og etterleving

Strategi- og verksemdsplanen vår omfattar heile verksemda, og god internkontroll er ein føresetnad for å nå måle våre og sikre god styring. Vi vurderer at internkontrollen vår fungerer godt.

Eit system for sikkerheit og avvikshandtering bidreg til effektiv risikovurdering og førebyggjande tiltak. Regelmessig og formålstenleg intern rapportering om økonomi og ressursbruk, samt systematisering av prioriteringar og evalueringar, har saman med vidareutvikling av styringskompetanse styrkt internkontrollen vår.

Internkontrollsystemet er dokumentert gjennom retningslinjer og kontrollprosessar, som dekker både saksbehandling og administrative prosessar. Vi arbeider kontinuerleg med å styrkje kompetanse og kultur innan informasjonstryggleik, etterleving av forvaltningslova, offentleglova og personvernreglar. Resultata frå klagesaker i Konkurransklagenemnda bruker vi til å vurdere om det er behov for tilpassingar.

## 4.2 Bemanning og organisasjon

I 2024 har vi hatt eit stort fokus på tema innan arbeidsmiljø, som til dømes ytringsklima, kommunikasjon og samarbeid. I 2025 skal vi halde fram med dette arbeidet på ein systematisk og brei måte. I 2024 arbeidde vi vidare med leiarutvikling. Ei stor gruppe med ulike leiarroller deltok i parallelle leiarutviklingsprogram som starta i 2022 og vart avslutta i desember 2024. Vi vil ta med oss lærdom og verktøy frå programma i det daglege arbeidet.

Vi har òg utvikla oss gjennom læring på arbeidsplassen, vidareutdanning og kurs. Vi har delteke på konferansar, kurs og internasjonale møte, både digitalt og fysisk. Auka digitalisering har gjort det enklare å dele kunnskap og styrkje kompetansen vår.


### Rekruttere og behalde

I 2024 auka turnover frå 8,9 prosent frå 13,13 prosent. Det er utfordrande å rekruttere spesialkompetanse innanfor våre lønnsrammer, spesielt innan digitalisering og for erfarne fagfolk. For å handtere desse utfordringane i ein konkurranseutsett arbeidsmarknad vil vi halde fram det strategiske arbeidet med å behalde, utvikle og tiltrekkje oss den kompetansen vi treng for å utføre samfunnsoppdraget vårt. Eit eksempel på dette er deltaking på karrieredagar, besøk av studentar og elevar, samt tilbod om traineeopphald.

I 2024 tilsette Konkurransetilsynet 11 nye medarbeidarar med kompetanse innan samfunnsøkonomi, juss, IT, kommunikasjon og informasjonsforvaltning.

### Nøkkeltal 2024 (2023)

Median ansiennitet 6 år (8 år)  
Gjennomsnittleg ansiennitet – 8,2 år (8,2 år)  
Turnover – 13,13% (8,9%)  
Sjukefråvær – 3,5% (3,5%)





### 4.3 Inkludering, mangfald og likestilling

I 2024 etablerte vi handlingsplanen "*Mangfold, inkludering og likestilling*", som er forankra i leiinga og gjennom partssamarbeidet. Handlingsplanen vil bli gjort vidare kjent for alle tilsette i 2025. Målet er å sikre at inkludering, mangfald og likestilling blir ein naturleg del av det daglege arbeidet, og at tiltak blir følgde opp.

Handlingsplanen inneheld mål, konkrete tiltak og ansvarlege i arbeidet vårt, og vil vere eit vedlegg til HMS-planen. Gode HMS-resultat krev eit sterkt engasjement, god leiarkompetanse, og eit systematisk samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.

Kvar haust arrangerer vi "*Helseveke*", der markering av Verdsdagen for psykisk helse er ein raud tråd gjennom veka. I 2024 inviterte vi ein ekstern foredragshaldar som snakka om psykologisk tryggleik, kommunikasjon og samhandling. Tema sjølvleiing var òg på agendaen.

Andre inkluderande tiltak omfattar tilbod om influensavaksine, trening i arbeidstida og fleksibel bruk av heimekontor. Gravide får tilbod om samtale med jordmor og leiar på arbeidsplassen, slik at det kan leggjast til rette for at den gravide skal kunne stå lengst mogleg i arbeid gjennom svangerskapet.

Konkurransetilsynet har høg aktivitet i både bedriftsidrettslaget og velferdskomiteen, som legg opp til eit variert utval av sosiale aktivitetar.

Vi brukar fleire metodar for å følge opp arbeidsmiljøet, mellom anna årlege medarbeidarsamtalar, ulike kartleggingar, sluttsamtalar, vernerundar og partssamarbeid i arbeidsmiljøutval og månadlege samarbeidsmøte med tillitsvalde.

Tiltak for mangfald, inkludering og likestilling	Resultat	Vegen vidare
Etablert handlingsplan for Mangfald, inkludering og likestilling.	Redusert sjukefråvær.	Auke verksemda si kunnskap innan inkludering, mangfald og likestilling
Bevisstgjerung av leiarar om mangfald gjennom leiarutviklingsprogram.	Konkurransetilsynet vektlegg inkludering i intern kommunikasjon.	gjennom ytterlegare forankring av handlingsplan for Mangfald, inkludering og likestilling.
Fokus på god oppfølging, tilrettelegging, og restarbeidsevne, òg for eigne tilsette.	Fleire tilsette med nedsett funksjonsevne der arbeidsoppgåver og ansvar blir lagd til rette for den enkelte.	Bruk av spesialkompetanse frå bedriftshelseteneste og andre ved opplæring og rådgjeving.
Fokus på alminneleggjering av heile spekteret av sjukdom.		Videre bruk av heimekontor som ei fleksibel ordning.
Foredrag om sjølvleiing, psykologisk trygging og kommunikasjon.		Kunnskapsoverføring frå andre verksemdar.
Retningslinje for bruk av fjernarbeid		Arbeid med yringsklima og seinkarriere i 2025.
Bruk av heimekontor kan òg reknast som eit inkluderingsiltak.		

<p>Rekruttering</p> <p>Utlysningstekster tilpassa for å tiltrekkje oss søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.</p> <p>Etablert samarbeid rundt rekruttering med NAV Bergen.</p> <p>Arbeidstakarar som ikkje har norsk som morsmål kan få tilbod om å delta på norskundervisning dekt av arbeidsgjevar.</p> <p>Auka fokus for å vektlegga inkludering og mangfald i jobbanalysen.</p> <p>Fleire leiarar, tillitsvalde og HR delteke på kurs i "Mangfaldsrekruttering".</p>	<p>Førebels for kort periode til å måle effekt. Dette er eit fleirårig arbeid. Endring i haldningar til rekruttering vil gje effektar over tid.</p> <p>Konkurransetilsynets tilsette har fleire ulike nasjonalitetar.</p> <p>Kjønnsbalansen i leiargruppa i 2024 er iht. mål.</p>	<p>Jobbe vidare med kravspesifikasjonar i utlysningstekstar som balanserer omsyn til mangfald og kvalifikasjonsprinsippet.</p> <p>Konkurransetilsynet skal forankre rekrutteringsarbeidet vidare i organisasjonen i dette arbeidet, både hos leiarar og tillitsvalde. Utforming av utlysningstekst er ein viktig del av dette arbeidet.</p> <p>HR skal saman med leiing sikre fokus på den beste praksisen til rekruttering med fokus på mangfald og inkludering, også for lærlingar.</p>
<p>Universelt utforma nettsider og lokale for besøkjande og tilsette.</p> <p>Konkurransetilsynets lokale er universelt utforma.</p> <p>Etterleving av EØS-direktiv om inkluderande kommunikasjon.</p>	<p>konkurransetilsynet.no er utarbeidd i samsvar med krava som er sette til offentlege nettsider om universell utforming. Dei fleste krava som er oppfylte viser til oppsett og utforming av innhald.</p>	<p>I digitaliseringsstrategien legg Konkurransetilsynet vekt på korleis digitale hjelpemiddel kan bidra til inkludering.</p>
<p>Erfaringsutveksling og kompetanseheving.</p> <p>Mesteparten av erfaringsutveksling har skjedd digitalt gjennom nettverk i departementet og staten.</p> <p>Delteke på digitale samlingar og webinar hos DFØ og andre.</p>	<p>Deltaking i HR-nettverk i departementet som gir verdifull erfaringsutveksling på relevante og aktuelle tema.</p>	<p>Bruke aktive nettverk til å forsterke og fornye eigen personalpolitikk.</p> <p>Fleire foredrag i nemnt nettverk.</p>

## Lærlingar

Hausten 2023 tilsette vi ein lærling i service- og administrasjonsfaget. Konkurransetilsynet er knytt til Opplæringskontoret OK stat.

## Studentar

I 2024 deltok vi på to karrieredagar for studentar. For å tiltrekkje oss studentar, hadde vi to praktikantar på om lag ein månad kvar, og ein arbeidslivspraksis på om lag seks veker. Vi har òg

hatt fleire besøk av vidaregåande skuleklassar, der vi ikkje berre fortalde om handhevingsoppdraget vårt, men òg framheva tilsynet som ein spennande arbeidsplass.

## Likestilling

### Talet på kvinner i leiande stillingar

I 2024 nådde vi òg målet vårt om at minst 30 prosent av toppleiinga skulle vere kvinner. Leiargruppe bestod då av 4 menn og 5 kvinner.

### Likelønn

Lønnskilnadene mellom kjønn på alle stillingsnivå er omtrent dei same som i 2023. Dei siste to åra har løna til kvinner auka i forhold til menn. Utanom konkurransedirektøren tener no kvinner i leiargruppa 98,4 prosent av det menn tener. Dette er ei auke frå 96,2 prosent i 2023. Skilnadene skuldast av ulik tenestetid og ansvar. Vi har derfor ikkje planlagt eller set i verk spesielle tiltak, men følgjer utviklinga og vil vurdere tiltak ved behov.

	År	Menn i pst.	Kvinner i pst.	Totalt (N)	Lønnen til kvinner av menn
Totalt	2024	47	53	95	97,9%
Direktørar (eks. konkurransedirektør)	2024	43	57	7	98,4%
	2023	50	50	9	96,2%
Spesialrådgjevar	2024	100	0	4	0%
	2023	80	20	5	93,5%
Seniorrådgjevarar	2024	48	52	62	103,4%
	2023	52	48	73	101,3%
Rådgjevarar	2024	33	67	18	104,8%
	2023	29	71	21	101,6%
Førstekonsulentar	2024	50	50	4	100%
	2023	33	67	10	100,9%

### Sjukefråvær og kjønn

I Konkurransetilsynet har kvinner (52,6 prosent) eit høgare sjukefråvær enn menn (47,4 prosent). Denne trenden ser vi òg nasjonalt. Det finst mange hypotesar om årsaker til denne generelle forskjellen, men ingen eintydig forklaring. Vi har fleire tiltak for å redusere sjukefråvær, inkludert egne tiltak for gravide. Alle gravide arbeidstakarar får tilbod om trepartssamtale og jordmor for å sikre god oppfølging og tilrettelegging.


År	Tilsette	Deltid		Midlertidig tilsetting		Foreldrepermisjon		Legemeldt fråvær	
		% menn	% kvinner	% menn	% kvinner	% Permisjons-dagar menn	% Permisjons-dagar kvinner	% menn	% kvinner
2024	95	0	1,9	0	0	1,5	1,9	4,6	2,5
2023	101	0	1,8	0	0	2,9	2,7	1,6	2,4
2022	100	0	1,9	0	0	6	9	2,5	2,5

Konkurransetilsynet har som mål å tilsetje fast på heiltid. Samstundes legg vi til rette for delvis permisjon eller mellombels redusert stilling i samsvar med Arbeidsmiljølova og Hovudtariffavtalen, dersom tilsette har behov for det.

### Stabilt sjukefråvær<sup>10</sup>

Dei siste åra har vi hatt ein nedgang i sjukefråvær og no er det stabilt lågt.

Frå 2023 til 2024 låg sjukefråværet stabilt på 3,5 prosent. Vi har gode rutinar for tilrettelegging ved sjukdom, samt etablerte ordningar for bruk av heimekontor.



### 4.4 Bruk av konsulentar og kommunikasjonstenester

Konkurransetilsynet har ikkje nytta kommunikasjonstenester i 2024. Det var brukt 242 900 kroner på leiarutvikling. I tillegg kjøpte tilsynet andre konsulenttenester for 1,082 mill. kroner. Desse tenestene omfatta hovudsakleg marginstudiar bestilte frå NFD, bistand ved rekruttering og innleige av vikar ved fråvær.

Totalt sett svarar bruken av konsulenttenester til omtrent 1,3 årsverk i 2024.

Type tenester	2022	2023	2024 <sup>11</sup>
Konsulenttenester	1 377 000	2 743 791	1 082 487
Konsulenttenester kommunikasjonsrådgjeving	156 792	0	0
Konsulenttenester organisasjonsutvikling	30 000	1 023 659	242 900

<sup>10</sup> Tal er henta frå DFØ innsikt.

<sup>11</sup> Etter overgangen til SRS blir periodiserte tal brukt frå og med 2024 i oppstillinga.

## 4.5 Tryggleik og beredskap

Konkurransetilsynet skal innanfor sitt samfunnsoppdrag hjelpe næringslivet til å levere varer og tenester samfunnet etterspør - også under kriser. I 2024 haldt vi fram med systematisk arbeid med tryggleik og beredskap for å førebyggje, avdekke og handtere hendingar som kan hindre oss i å nå måla våre. Vi sikrar og dokumenterer tryggleiken etter Nasjonal strategi for digital sikkerheit med tilhøyrande tiltaksplan. Vi balanserer naudsynte tryggingstiltak og akseptabel risiko, utan at det går utover effektiviteten eller måloppnåing.

For å styrkje motstandsevna vår har vi satt i verk formålstenlege tiltak og gjennomgått beredskapsplanane. Grunna den alvorlege sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa har vi i 2024 ytterlegare forsterka tryggleiken. Planen for krise- og beredskap blir følgt opp og justert løypande. Planverket er oppdatert i tråd med anbefalingane i den nasjonale strategi for digital sikkerheit.

Tryggingsarbeidet i Konkurransetilsynet er risikobasert. I 2024 gjennomførte vi tre sikkerheitsøvingar for å kontrollere og vidareutvikle planane våre. Avvikssystem og tryggingsøvingar bidreg til at vi oppdagar sårbarheiter og kan setje i verk førebyggjande tiltak mot uønskte hendingar.

## 4.6 Miljø, berekraft og grøn omstilling

På området for offentlege anskaffingar er Konkurransetilsynet ein relativt liten aktør. Vi deltek i alle avtalar inngått av Statens innkjøpssenter, der det blir lagt vekt på å redusere miljøpåverknaden. Desse avtalene er mellom anna knytt til reisebyrå, forbruksmateriell og ombruk og gjenvinning av IKT-utstyr. Over 90 prosent av innkjøpa våre er miljømerka produkt.

I konkurransar vi gjennomfører sjølve, inkluderer vi miljø- og berekraftskrav der det er relevant for konkurransen.

Tilsynet nyttar reisebyråportalen Egencia for å bestille flyreiser gjennom Statens innkjøpssenter sine avtalar. Avtaleprisene kjem opp som øvste treff i portalen, og ein stor del av tilsynet sine reiser går på desse prisane. I 2024 har talet på innanlandsreiser auka noko, medan talet på utanlandsreiser har blitt redusert. Dette har bidrege til redusert klimapåverknad.

Konkurransetilsynet held til i BREEAM-sertifiserte lokale, der det er lagt opp til omfattande kjeldesortering. Utleigaren sin leverandør av kantinetenester jobbar òg med å redusere matsvinnet, mellom anna gjennom rapportering av kor mykje mat som blir kasta kvar dag. Utleigar har installert solcellepanel for å redusere straumforbruket. Anlegget vart montert i 2023 og har vore i prøvedrift fram til 2024. I 2024 var tilsynet sin del av den samla produksjonen 16 050 kWt.

I tillegg er arbeidet med å skifta alle lysarmaturar frå lysstoffrør til LED starta. Dette vil ytterlegare redusere energiforbruket.

Tilsynet sitt klimagassutslepp har blitt redusert fra 117,63 til 97,73 tonn CO<sub>2</sub> i 2024.

## 5 Vurdering av framtidsutsikter

---

### Draghi-rapporten og konsekvensar for konkurransepolitikken

I september 2024 vart Mario Draghis rapport "*The future of European competitiveness*" presentert. Rapporten som vart bestilt av EU-kommisjonen, identifiserer sentrale utfordringar som er avgjerande å adressere for å styrkje produktivitet og oppretthalde konkurransekraft i EU.

Tre sentrale utfordringar vert peika ut: å lukke innovasjonsgapet, redusere forureining frå økonomiske aktivitetar og styrkje konkurranseevne, og dessutan å styrkje tryggleik og redusere avhengnad mot andre økonomiar. Rapporten understrekar at store investeringar er nødvendige for å nå EUs omstillingsmål og oppretthalde konkurranseevna.

Et viktig punkt i rapporten er behovet for å forbetre konkurransepolitikken (revamping competition). Rapporten er klar på at velfungerande konkurranse er grunnleggjande for å styrkje europeisk konkurranseevne. Konkurranse stimulerer innovasjon, investeringar og produktivitet, og styrking av den indre marknaden er eit sentralt mål. Dessutan slår rapporten fast at ein politikk som forsvarer nasjonale 'champions' ikkje er vegen å gå. Det trengst likevel ei ny tilnærming til konkurransepolitikken for å støtte tilrådingane i rapporten, realisere innovasjonspotensial, framme skalaeffektar og sikre ein motstandsdyktig økonomi. Rapporten har vorte møtt med mykje merksemd i og utanfor EU, og har allereie byrja å påverke europeisk politikk.

For Konkurransetilsynet er det svært viktig å fremje konkurranse for å bidra til å realisere formålet i konkurranselova om effektiv ressursbruk i samfunnet. Tilrådingane i rapporten er derfor også svært relevante for Noreg. Dei 10 tilrådingane for styrkt konkurransepolitikk er brukt som utgangspunkt for vurderingar av framtidsutsikter og kva tilsynet kan bidra med.

### **Nytt konkurranseverktøy og marknadsetterforskning**

Draghi-rapporten tilrår eit nytt konkurranseverktøy (New Competition Tool/NCT) som kan nyttast for å adressera strukturelle konkurranseutfordringar gjennom målretta tiltak. Dette kan vere relevant for marknader der strukturen legg til rette for stillteiande samarbeid, eller konkurransepotensialet ikkje blir utløyst, utan at det nødvendigvis er tale om ulovleg konkurranseavgrensa åtferd.

I Noreg har Stortinget vedteke å innføre høvet til at Konkurransetilsynet kan gjennomføre *marknadsetterforskning* i marknader der det er mistanke om alvorlege konkurranseproblem. Lovendringa trer i kraft frå 1. juli 2025. Marknadsetterforskning er eit viktig verktøy som samsvarer med tilrådinga i Draghi-rapporten om å innføre NCT.

Marknadsetterforskning kan brukast i alle marknader der det ligg indikasjonar på konkurranseavgrensingar i strid med konkurranselova. Etter ei høyring og grundig undersøking kan Konkurransetilsynet vedta målretta og forholdsmessige tiltak for å styrkje konkurransen.

### **Tilrådingar for fusjonskontroll**

Rapporten løftar frem fleire aspekt ved fusjonskontroll som er relevante for Konkurransetilsynet sitt handhevingsarbeid.

- **Styrkt rapporteringsplikt**  
Rapporten tilrår ei styrking av rapporteringsplikta til partane etter eit vedtak, til dømes basert på sentrale indikatorar for å måle konkurranseintensitet. Ei slik plikt vil vere nyttig for å vurdere verknadene av eit vedtak, og kan danne grunnlag for vidare tiltak.
- **Tryggingsvurderingar i fusjonskontroll**  
Rapporten tilrår at tryggingsvurderingar blir ein del av fusjonskontrollen. Konkurransetilsynets fusjonsvurdering vil vurderinga vere basert på dei konkurransemessige konsekvensane. Samstundes ser vi at økonomisk openheit i ei verd der handelsliberalisering og grenseoverskridande investeringar har bidrege til velstandsauke i Noreg og globalt, også kan medføre sårbarheiter som kan truge

nasjonale tryggingssinteresser. Det er likevel viktig at tryggingssyn ikkje svekkjer konkurransen meir enn nødvendig. I høyringssvaret vårt til "[NOU 2023:28](#) *Investeringskontroll – Ein open økonomi i usikre tider*" understrekar vi at tryggingss- og konkurransevurderingar må samordnast slik at kostnadene for næringslivet blir minst mogleg. Framover vil Konkurransetilsynet arbeide for eit godt samarbeid med styresmakta som er ansvarleg for investeringskontroll. Slik kan tryggingssyn blir ivaretekne, samstundes som kostnadene for næringslivet blir minimerte.

- **Verktøy for ein effektiv fusjonskontroll**

Rapporten peikar på at innovasjonsverknader og framtidig marknadsutvikling må vektleggjast i fusjonskontrollen. Konkurransetilsynet har etter §16 i konkurranselova ei plikt til å forby føretakssamanslutningar som i stor grad vil hindre effektiv konkurranse. For å vareta denne plikta har Konkurransetilsynet den alminnelege meldeplikta og høve til å påleggje melding. Tilsynet kan også påleggje opplysningsplikt for enkelte aktørar i marknader med særlege konkurranseutfordringar. Dette er viktige verktøy i ein effektiv fusjonskontroll framover.

### **Utvikling i konkurransefaget og nye utfordringar**

Både konkurransefaget og rettspraksis utviklar seg. Dette ser vi mellom anna i EU-kommisjonenens [nye retningslinjer for marknadsavgrensing](#) frå 2024. Digitalisering og auka bruk av kunstig intelligens endrar marknadsdynamikken, mellom anna gjennom automatiserte prissetjingssystem som justerer prisar i sanntid basert på marknadsdata, og algoritmar som styrer tilbod og etterspurnad. Samstundes fører nye forretningsmodellar basert på digitale økosystem og etablering av ulike barrierar mot konkurranse, til at det blir enda viktigare å lytte til tilrådingane i Draghi-rapporten. Også i framtida vil det vere viktig å sikre at dei vurderingane som ligg til grunn for fusjonsvurderinga er baserte på beste faglege praksis og tilpassa dei økonomiske realitetane.

### **Forbod mot konkurranseavgrensingar**

Draghi-rapporten kjem også med viktige innspel om forbod mot konkurranseavgrensande åtfærd. For Konkurransetilsynet er måletta handheving av dette forbodet ei prioritert oppgåve. Velfungerande konkurranse bidreg til innovasjon, grøen omstilling og presser bedrifter til å konkurrere på pris, kvalitet, og forskning og utvikling for å kapre kundar. Samarbeid mellom konkurrentar kan føre til at bedrifter skaper færre gode løysingar enn dei ville gjort viss dei måtte konkurrere.

Samtidig peikar Draghi-rapporten på at horisontalt samarbeid er av og til nødvendig, særleg for å realisere FoU investeringar og grøen omstilling. Dette er samarbeid som krev standardisering og koordinering mellom aktørar på ein måte som kjem til nytte for forbrukarane. For Konkurransetilsynet er det viktig å nytta konkurransereglane på ein måte som fremjar ei grøen omstilling. For at konkurransereglane ikkje skal stå i vegen for berekraftsfremjande samarbeid mellom bedrifter, er det viktig med klare reglar for når samarbeid er lovleg, og når det undergrev konkurranselova sitt formål.

### **Styrkt handheving og nye verktøy**

Ei sentral utfordring framover blir å styrkje handhevinga, mellom anna gjennom nye verktøy for å fremja velfungerande konkurranse i tråd med konkurranselova. Dette er særleg viktig i prioriterte marknader. Samtidig krevst både kompetanse og ressursar for å nå desse måla. Draghi-rapporten understrekar behovet å tilføre konkurransestyresmaktene nok ressursar til å handheve regelverket på ein god måte.

Rapporten peikar også på at ny regulering av *framandsubsidiar* (Foreign Subsidies Regulation/ FSR) og *digitalmarknadsregelverket* (DMA) stiller også nye krav til spesialisert kompetanse. Det er sannsynleg at DMA blir inkludert i EØS-avtalen som vil bli gjeldande for Noreg, og vil påverke Konkurransetilsynets oppgåver i åra framover.

Konkurransetilsynet må få nok ressursar for at nye verktøy ikkje skal svekkje bruken av dei eksisterande. Ei viktig oppgåve framover blir å halde fram oppbygging av kompetanse i den nye eininga for Data og analyse. God oppgåveløysing føreset ein motivert og kompetent stab i ein organisasjon med ei trygg og open organisasjonskultur. Å sikre dette vil vere ei heilt sentral oppgåve for tilsynet den kommande tida.



## 6 Årsrekneskap

---

### 6.1 Kommentar frå leiinga

#### Stadfesting

Årsrekneskapen er i samsvar med "bestemmelser om økonomistyring i staten", rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå NFD i instruks for økonomistyring. Rekneskapen gir eit dekkande bilete av Konkurransetilsynets disponible tildeling, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

#### Vurdering av vesentlege forhold

I 2024 endra Konkurransetilsynet rekneskapsprinsipp frå kontantprinsippet til SRS, 2024 er første år med rapportering etter SRS.

Konkurransetilsynet har i 2024 disponert tildelingar på kap. 911 post 01 tilsvarande 142,992 MNOK. I tildelinga er det inkludert overført bevilling frå 2023 på 3,708 MNOK. I tillegg har tilsynet disponert ei samla tildeling for 2024 på 5,809 MNOK. på kap. 911, post 70 til konkurransefagleg forskning. I tildelinga er det inkludert overført bevilling frå 2023 på 3,576 MNOK.

Tilsynet har i 2024 lyst ut og tildelt 2,35 MNOK i tilskotsmidlar til konkurransefagleg forskning for 2024-2026. Alle tilgjengelege midlar er lyst ut og tildelte gjennom vedtak til konkurransefagleg forskning.

Rapporterte utgifter til drift og investeringar for Konkurransetilsynet summerte seg til 140,374 MNOK, der utbetalingar til lønn og sosiale utgifter utgjer 109,903 MNOK. Tilsynet har hatt 87,4 utførte årsverk i 2024 som er ein liten nedgang frå 87,7 utførte årsverk i 2024.

Konkurransetilsynet vil søke om overføring av ubrukt løyving på post 01 i 2024 på 2,618 MNOK til 2024. I tillegg søker tilsynet om overføring av ubrukt løyving på post 70 – Konkurransefagleg forskning på 3,296 MNOK til 2024.

#### Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekreftar årsrekneskapen for Konkurransetilsynet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil vere ferdig innan 1. mai 2025,

Bergen, 15. mars 2025



Gjermund Nese  
Konstituert Konkurransedirektør

### 6.2 Prinsippnote

Årsrekneskap for statlege verksemdar er utarbeidd og lagt fram etter nærare retningslinjer fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar

med krava i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av desember 2024 og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapporteringa er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja “Netto rapportert til løyvingsrekneskapen” er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ei trekkrett på sin konsernkonto. Ved årsskiftet blir saldoen på den enkelte oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år.

### **Løyvingsrapporteringa**

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Ho er sett opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til rådvelde i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste eit anna kapittel/post (belastingsfullmakter) er ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtala i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Avgitte belastingsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen av verksemda sjølv. Dei blir bokførte og rapporterte av verksemda som har mottatt belastingsfullmakta og er derfor ikkje synlege i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktane kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

### **Artskontorrapporteringa**

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ei trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen og blir derfor ikkje viste som inntekt i artskontorrapporteringa.

### **Statlege Rekneskapsstandardar (SRS)**

I 2024 endra Konkurransetilsynet rekneskapsprinsipp frå kontantprinsippet til SRS. 2024 er første år med rapportering etter SRS. I arbeidet med overgangen til SRS vart det gjort vurderingar av ei rekke prinsipp. Tilsynet har valt å presentere tilskotsforvaltning knytt til konkurransefagleg forskning etter kontantprinsippet, jf. SRS 10 pkt. 31 a. Vidare er innkrevjingsverksemd presentert etter kontantprinsippet, jf. SRS 10 pkt. 27 a. Tilsynets leigeavtale for lokale i Zander Kaaes gate 7, Bergen, er vurdert som operasjonell og er ikkje balanseført, jf. SRS 13, pkt. 7 og 15.

## Oppstilling av løvingsrapportering per 31.12.2024

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2024	Meirutgift (-) og mindreutgift	Avvik frå tildeling
0911	Konkurransetilsynet	01	Driftsutgifter		142 992 000	140 373 905	2 618 095	
0911	Konkurransetilsynet	70	Tilskudd til konkurransefaglig forskning		5 809 000	2 512 847	3 296 153	
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	1	Nettoordning for mva i staten		0	3 035 930		
<i>Sum utgiftsført</i>					<i>148 801 000</i>	<i>145 922 682</i>		

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2024	Meirinntekt og mindreinntekt(-)	Avvik frå tildeling
3911	Konkurransetilsynet	03	Refusjoner og andre inntekter, Konkurransetilsy		123 000	115 500	-7 500	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter - ymse		0	159 701		
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift		0	13 698 228		
<i>Sum inntektsført</i>					<i>123 000</i>	<i>13 973 429</i>		

### Netto rapportert til løvingsrekneskapet

**131 949 253**

#### Kapitalkontoar

60046801	Norges Bank KK /innbetalinger					1 856 559		
60046802	Norges Bank KK/utbetalinger					-136 515 505		
715810	Endring i mellomværende med statskassen					2 709 693		
<i>Sum rapportert</i>						<i>0</i>		

#### Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

		2024	2023	Endring
715810	Mellomværende med statskassen	-6 700 644	-9 410 337	2 709 693

<b>Note A Forklaring av samla tildeling utgifter</b>			
<b>Kapittel og post</b>	<b>Overført frå i fjor</b>	<b>Årets tildelingar</b>	<b>Samla tildeling</b>
091101	3 708 000	139 284 000	142 992 000
091170	3 576 000	2 233 000	5 809 000

<b>Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogeleg overførbart beløp til neste år</b>						
<b>Kapittel og post</b>	<b>Stikkord</b>	<b>Meirutgift(-)/ mindre utgift</b>	<b>Sum grunnlag for overføring</b>	<b>Kompensasjon for lønnsoppgjeret 2024 *</b>	<b>Maks. overførbart beløp</b>	<b>Mogeleg overførbart beløp utrekna av verksemda</b>
091101		2 618 095	2 618 095	2 684 000	9 514 000	2 618 095
091170	"kan overførast"	3 296 153	3 296 153		4 378 000	3 296 153

#### **Forklaring til bruk av budsjettfullmakter**

##### **Stikkordet «kan overførast»**

Forskningsmidlar kapittel 0911 post 70 kan overføre summen av dei siste to års løyvingar, jf. rundskriv R-2. Mogleg overførbart beløp er kr 3 296 153.

##### **Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter**

Refusjonar av løn på totalt kr 1 566 383 er nettoførte i driftsutgiftene.

##### **Mogleg overførbart beløp**

Kapittel 0911 post 01: kr 2 618 095

Kapittel 0911 post 70: kr 3 296 153

\* Kolonnen viser lønnskompensasjon på den enkelte budsjettpost for lønnsoppgjera 2024, slik dei er føreslåtte i departementa sine omgrupperingsproposisjonar og slik dei kjem fram i vedlegg 4 i Prop. 36 S (2024–2025) Nysaldering av statsbudsjettet 2024. Sjå det årlege rundskrivet R-2/2025 for meir detaljert informasjon.

## Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2024

	31.12.2024	31.12.2023
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		
Innbetalinger fra gebyrer	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	0	0
Salgs- og leieinnbetalinger	115 500	133 000
Andre innbetalinger	500	28 000
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>	<i>116 000</i>	<i>161 000</i>
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		
Utbetalinger til lønn	108 473 577	101 186 788
Andre utbetalinger til drift	31 888 248	32 023 939
<i>Sum utbetalinger til drift</i>	<i>140 361 825</i>	<i>133 210 728</i>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>	<b>140 245 825</b>	<b>133 049 728</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		
Utbetaling til investeringer	0	0
Utbetaling til kjøp av aksjer	0	0
Utbetaling av finansutgifter	12 580	1 789
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	<i>12 580</i>	<i>1 789</i>
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>	<b>12 580</b>	<b>1 789</b>
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>		
Utbetalinger av tilskudd og stønader	2 512 847	2 671 074
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>	<i>2 512 847</i>	<i>2 671 074</i>
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler</b>		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	159 701	154 654
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	13 698 228	12 922 289
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	3 035 930	3 287 583
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>	<i>-10 821 999</i>	<i>-9 789 359</i>
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>	<b>131 949 253</b>	<b>125 933 232</b>
<b>Oversikt over mellomværende med statskassen</b>		
<b>Eiendeler og gjeld</b>	<b>31.12.2024</b>	<b>31.12.2023</b>
Fordringer på ansatte	544 831	401 358
Kontanter	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-3 457 615	-4 504 195
Skyldige offentlige avgifter	-72 580	-61 609
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-3 708 550	-5 242 691
Mottatte forskuddsbetalinger	0	0
Lønn (negativ netto, for mye utbetalt lønn m.m.)	-6 730	0
Differanser på bank og uidentifiserte innbetalinger	0	-3 200
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>	<b>-6 700 644</b>	<b>-9 410 337</b>

## Resultatregnskap

	Note	31.12.2024
<b>Driftsinntekter</b>		
Inntekt fra bevilgninger	1	141 184 342
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	0
Inntekt fra gebyrer	1	0
Salgs- og leieinntekter	1	115 500
Andre driftsinntekter	1	500
<i>Sum driftsinntekter</i>		<i>141 300 342</i>
<b>Driftskostnader</b>		
Varekostnader		0
Lønnskostnader	2	109 902 509
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3,4	1 324 785
Nedskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3,4	0
Andre driftskostnader	5	30 060 506
<i>Sum driftskostnader</i>		<i>141 287 799</i>
<b>Driftsresultat</b>		<b>12 543</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>		
Finansinntekter	6	0
Finanskostnader	6	12 543
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		<i>-12 543</i>
<b>Resultat av periodens aktiviteter</b>		<b>0</b>
<b>Avregninger og disponeringer</b>		
Avregning med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	0
<i>Sum avregninger og disponeringer</i>		<i>0</i>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>		
Avgifter og gebyrer direkte til statskassen		0
Avregning med statskassen innkrevingsvirksomhet		0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		<i>0</i>
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>		
Tilskudd til andre	8	2 512 847
Avregning med statskassen tilskuddsforvaltning		2 512 847
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		<i>0</i>

## Balanse

	Note	31.12.2024	01.01.2024
<b>EIENDELER</b>			
<b>A. Anleggsmidler</b>			
<b>I Immaterielle eiendeler</b>			
Programvare og lignende rettigheter	3	503 219	666 425
Immaterielle eiendeler under utførelse	3	0	0
<i>Sum immaterielle eiendeler</i>		503 219	666 425
<b>II Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4	0	0
Maskiner og transportmidler	4	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	4	1 682 258	2 843 836
Anlegg under utførelse	4	0	0
Infrastruktureiendeler	4	0	0
<i>Sum varige driftsmidler</i>		1 682 258	2 843 836
<b>III Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler		0	0
Obligasjoner		0	0
Andre fordringer		0	0
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		0	0
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>2 185 476</b>	<b>3 510 261</b>
<b>B. Omløpsmidler</b>			
<b>I Beholdning av varer og driftsmateriell</b>			
Beholdninger av varer og driftsmateriell		0	0
<i>Sum beholdning av varer og driftsmateriell</i>		0	0
<b>II Fordringer</b>			
Kundefordringer	9	5 375	300
Opptjente, ikke fakturerte inntekter		0	0
Andre fordringer	10	3 358 705	1 837 205
<i>Sum fordringer</i>		3 364 080	1 837 505
<b>III Bankinnskudd, kontanter og lignende</b>			
Bankinnskudd		0	0
Kontanter og lignende		0	0
<i>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</i>		0	0
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>3 364 080</b>	<b>1 837 505</b>
<b>Sum eiendeler drift</b>		<b>5 549 556</b>	<b>5 347 765</b>
<b>IV Fordringer vedrørende innkreivingsvirksomhet og andre overføringer</b>			
Fordringer vedr. innkreivingsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
<i>Sum fordringer vedr. innkreivingsvirksomhet og andre overføringer</i>		0	0
<b>Sum eiendeler</b>		<b>5 549 556</b>	<b>5 347 765</b>



## Statens kapital og gjeld

	Note	31.12.2024	01.01.2024
<b>C. Statens kapital</b>			
<b>I Virksomhetskaptal</b>			
Sum virksomhetskaptal		0	0
<b>II Avregninger</b>			
Avregnet med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	-19 002 347	-20 845 979
Sum avregninger		-19 002 347	-20 845 979
<b>Sum statens kapital</b>		<b>-19 002 347</b>	<b>-20 845 979</b>
<b>D. Gjeld</b>			
<b>I Avsetning for langsiktige forpliktelser</b>			
Avsetninger langsiktige forpliktelser		0	0
Sum avsetninger for langsiktige forpliktelser		0	0
<b>II Annen langsiktig gjeld</b>			
Øvrig langsiktig gjeld		0	0
Sum annen langsiktig gjeld		0	0
<b>III Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		4 420 700	6 416 356
Skyldig skattetrekk og andre trekk		3 457 615	4 504 195
Skyldige offentlige avgifter		2 063 835	1 876 090
Avsatte feriepenger		8 593 237	8 563 498
Mottatt forskuddsbetaling		0	0
Annen kortsiktig gjeld	11	6 016 517	4 833 605
Sum kortsiktig gjeld		24 551 903	26 193 744
<b>Sum gjeld</b>		<b>24 551 903</b>	<b>26 193 744</b>
<b>Sum statens kapital og gjeld drift</b>		<b>5 549 556</b>	<b>5 347 765</b>
<b>IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer</b>			
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	8	0	0
Sum gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer		0	0
<b>Sum statens kapital og gjeld</b>		<b>5 549 556</b>	<b>5 347 765</b>

## Note 1 Driftsinntekter

31.12.2024

### Inntekt fra bevilgninger\*

Inntekt fra bevilgninger 141 184 342

### Sum inntekt fra bevilgninger

141 184 342

\*Etter de statlige regnskapsstandardene beregnes inntekt fra bevilgninger for bruttobudsjetterte virksomheter som differansen mellom periodens kostnader og opptjente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter fra tilskudd og overføringer til virksomheten. En konsekvens av dette er at resultat av periodens aktiviteter blir null.

For informasjon om mottatte bevilgninger se oppstilling av bevilgningsrapportering.

### Inntekt fra tilskudd og overføringer

Tilskudd fra Norges forskningsråd 0

Tilskudd fra andre statlige virksomheter 0

Tilskudd fra EU 0

Andre tilskudd og overføringer 0

### Sum inntekt fra tilskudd og overføringer

0

### Inntekt fra gebyrer

Gebyrer 0

### Sum inntekt fra gebyrer

0

### Salgs- og leieinntekter

Salgsinntekt, avgiftspliktig 0

Salgsinntekt, avgiftsfri 0

Salgsinntekt, unntatt avgiftsplikt 115 500

Leieinntekter 0

Uopptjent inntekt 0

### Sum salgs- og leieinntekter

115 500

### Andre driftsinntekter

Gevinst ved avgang av anleggsmidler 500

Andre driftsinntekter 0

### Sum andre driftsinntekter

500

### Sum driftsinntekter

141 300 342

## Note 2 Lønnskostnader

31.12.2024

Lønn*	77 142 047
Feriepenger	8 982 262
Arbeidsgiveravgift	13 864 076
Pensjonskostnader**	9 741 402
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-1 455 836
Andre ytelser	1 628 557
<b>Sum lønnskostnader</b>	<b>109 902 509</b>

**Antall utførte årsverk**

**87**

\* Sidan lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdigstilt før i slutten av november, har ikkje verksemda utbetalt resultatet av oppgjeret i 2024. Verksemda har derfor gjort eit estimat for lønnsavsetjinga for det sentrale lønnsoppgjeret (lokale og eventuelt sentrale tillegg), som utgjer kr 2 306 646. Lønnsavsetninga inkluderer feriepengar og arbeidsgivaravgift.

Avsetninga inkluderer òg verksemda sitt eige bidrag til lønnsforhandlingar utover det som er framforhandla sentralt. Dette utgjer kr 576 661 inkludert feriepengar og arbeidsgivaravgift.

\*\* Pensjonskostnaden i 2024 er basert på eit estimat for pensjonspremien berekna av SPK, og ikkje faktisk pensjonspremie. Dette skuldast at lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdigstilt før i slutten av november 2024. Premiesatsen for arbeidsgivarandelen utgjorde i 2024 12,4 prosent. For rekneskapsåret 2023 utgjorde premiesatsen 11,6 prosent.

### Note 3 Immaterielle eiendeler

	Programvare og lignende rettigheter	Immaterielle eiendeler under utførelse	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	816 030	0	816 030
Tilgang i året	0	0	0
Avgang anskaffelseskost i året (-)	0	0	0
Fra immaterielle eiendeler under utførelse til annen gruppe i året	0	0	0
<b>Anskaffelseskost</b>	<b>816 030</b>	<b>0</b>	<b>816 030</b>
Akkumulerte nedskrivninger 01.01.	0	0	0
Nedskrivninger i året	0	0	0
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	149 606	0	149 606
Ordinære avskrivninger i året	163 206	0	163 206
Akkumulerte avskrivninger avgang i året (-)	0	0	0
<b>Balanseført verdi 31.12.2024</b>	<b>503 219</b>	<b>0</b>	<b>503 219</b>

Avskrivningssatser (levetider)	5 år / lineært	Ingen avskrivning
--------------------------------	----------------	----------------------

#### **Avhendelse av immaterielle eiendeler i 2024:**

Salgssum ved avgang anleggsmidler	0	0	0
- Bokført verdi avhendede anleggsmidler	0	0	0
= Regnskapsmessig gevinst/tap	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Note 4 Varige driftsmidler

	Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	7 058 500	7 058 500
Tilgang i året	0	0
Avgang anskaffelseskost i året (-)	0	0
Fra anlegg under utførelse til annen gruppe i år	0	0
<b>Anskaffelseskost</b>	<b>7 058 500</b>	<b>7 058 500</b>
Akkumulerte nedskrivninger 01.01	0	0
Nedskrivninger i året	0	0
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	4 214 664	4 214 664
Ordinære avskrivninger i året	1 161 579	1 161 579
Akkumulerte avskrivninger avgang i året (-)	0	0
<b>Balanseført verdi 31.12.2024</b>	<b>1 682 258</b>	<b>1 682 258</b>

Avskrivningssatser (levetider)	Ingen avskrivning	10-60 år dekomponert lineært	3-15 år lineært	3-15 år lineært	Ingen avskrivning	Virksomhets- spesifikt		
<b>Avhendelse av varige driftsmidler i 2024:</b>								
Salgssum ved avgang anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
- Bokført verdi avhendede anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
= Regnskapsmessig gevinst/tap	0	0	0	0	0	0	0	0

## Note 5 Andre driftskostnader

	31.12.2024
Husleie	14 594 911
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	72 337
Andre kostnader til drift av eiendom og lokaler	2 508 613
Leie maskiner, inventar og lignende	5 701 923
Mindre utstyranskaffelser	95 440
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	82 427
Kjøp av konsulenttenester	1 082 487
Kjøp av andre fremmede tenester	643 034
Reiser og diett	2 519 825
Tap og lignende	0
Øvrige driftskostnader	2 759 509
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>30 060 506</b>

### Tilleggsinformasjon om operasjonelle leieavtaler

#### Gjenværende varighet

#### Type eiendel

	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	Sum
Varighet inntil 1 år		29 760	29 760
Varighet 1-5 år	14 594 911	39 960	14 634 871
Varighet over 5 år			0
Kostnadsført leiebetalings for perioden	14 594 911	69 720	14 664 631

Virksomheten har husleieavtale med varighet på 1,5 år på rapporteringstidspunktet. Årlig husleiekostnad er kroner 14,595 mill. Virksomheten leier kaffemaskiner med varighet på 1 år på rapporteringstidspunktet. Årlig leiekostnad er kroner 30 000. Virksomheten leier makuleringsmaskiner med varighet på 1,5 år på rapporteringstidspunktet. Årlig leiekostnad er kroner 40 000.

## Note 6 Finansinntekter og finanskostnader

31.12.2024

### Finansinntekter

Renteinntekter	0
Valutagevinst (agio)	0
Utbytte fra selskaper	0
Annen finansinntekt	0
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>0</b>

### Finanskostnader

Rentekostnad	12 543
Nedskrivning av aksjer	0
Valutatap (disagio)	0
Annen finanskostnad	0
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>12 543</b>

## Note 7 Sammenheng mellom avregnet med statskassen og mellomværende med statskassen (bruttobudsjetterte virksomheter)

### A) Forklaring til at periodens resultat ikke er lik endring i avregnet med statskassen i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2024	01.01.2024	Endring
<b>Avregnet med statskassen i balansen</b>	<b>-19 002 347</b>	<b>-20 845 979</b>	<b>1 843 631</b>

Bakgrunnen for at periodens resultat ikke er lik endring i avregnet med statskassen i balansen for bruttobudsjetterte virksomheter er at konsernkontoene i Norges Bank inngår som en del av avregnet med statskassen i balansen. I tillegg hensyntas enkelte transaksjoner som ikke er knyttet til virksomhetens drift og transaksjoner som ikke medfører ut- eller innbetaling. Nedenfor vises de ulike postene som er grunnen til at endring i avregnet med statskassen i balansen ikke er lik periodens resultat.

#### Endring i avregnet med statskassen

<i>Konsernkontoer i Norges Bank</i>			
- Konsernkonto utbetaling			-136 515 505
+ Konsernkonto innbetaling			1 856 559
<i>Netto trekk konsernkonto</i>			<i>-134 658 946</i>
<i>Innbetalinger og utbetalinger som ikke inngår i virksomheten drift (er gjennomstrømningsposter)</i>			
- Innbetaling innkrevingsvirksomhet og andre overføringer			0
+ Utbetaling tilskuddsforvaltning og andre overføringer			2 512 847
<i>Bokføringer som ikke går over bankkonto, men direkte mot avregning med statskassen</i>			
+ Inntektsført fra bevilgning (underkonto 1991)			141 184 342
- Gruppeliv/arbeidsgiveravgift (underkonto 1985 og 1986)			-13 857 929
+ Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift (underkonto 1987)			2 976 055
<i>Andre avstemmingsposter</i>			
Spesifikasjon av andre avstemmingsposter			0
<i>Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto</i>			<i>-1 843 631</i>
<i>Resultat av periodens aktiviteter før avregning mot statskassen</i>			<i>0</i>
<b>Sum endring i avregnet med statskassen</b>			<b>-1 843 631</b>

## Note 7B Sammenheng mellom avregnet med statskassen og mellomværende med statskassen (bruttobudsjetterte virksomheter)

### B) Forskjellen mellom avregnet med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2024	31.12.2024	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
<b>Immaterielle eiendeler og varige driftsmidler</b>			
Immaterielle eiendeler	503 219		503 219
Varige driftsmidler	1 682 258		1 682 258
<i>Sum</i>	<i>2 185 476</i>	<i>0</i>	<i>2 185 476</i>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Andre fordringer	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<b>Omløpsmidler</b>			
Beholdninger av varer og driftsmateriell	0	0	0
Kundefordringer	5 375	0	5 375
Opptjente, ikke fakturerte inntekter	0	0	0
Andre fordringer	3 358 705	544 831	2 813 874
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Fordringer vedrørende innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>3 364 080</i>	<i>544 831</i>	<i>2 819 249</i>
<b>Langsiktige forpliktelser og gjeld</b>			
Avsetninger langsiktige forpliktelser	0	0	0
Øvrig langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	-4 420 700	0	-4 420 700
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-3 457 615	-3 726 694	269 079
Skyldige offentlige avgifter	-2 063 835	-72 580	-1 991 256
Avsatte feriepenger	-8 593 237	0	-8 593 237
Mottatt forskuddsbetaling	0	0	0
Annen gjeld til ansatte	-5 628 985	0	-5 628 985
Avsatt pensjonspremie til SPK, arbeidsgiverandel	0	-3 439 471	3 439 471
Annen kortsiktig gjeld	-387 532	-6 730	-380 802
Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>-24 551 903</i>	<i>-7 245 475</i>	<i>-17 306 429</i>
<b>Sum</b>	<b>-19 002 347</b>	<b>-6 700 644</b>	<b>-12 301 703</b>

Mellomværende med statskassen består av kortsiktige fordringer og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsregnskapet (S-rapport). Avregnet med statskassen viser finansieringen av virksomhetens netto eiendeler og gjeld.

## Note 8 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

### Tilskudd til andre

	31.12.2024
Utbetaling av tilskudd til andre	2 512 847
Overføring til fond, forvaltningsorganer og andre statlige regnskaper	0
Annet	0
<b>Sum tilskudd til andre</b>	<b>2 512 847</b>



Konkurransetilsynet presenterer tilskuddsforvaltning knyttet til konkurransefaglig forskning etter kontantprinsippet, jf. SRS 10 pkt. 31.

## Note 9 Kundefordringer

	31.12.2024	01.01.2024
Kundefordringer til pålydende	5 375	300
Avsatt til forventet tap (-)	0	0
<b>Sum kundefordringer</b>	<b>5 375</b>	<b>300</b>

## Note 10 Andre kortsiktige fordringer

	31.12.2024	01.01.2024
Forskuddsbetalt lønn	170 000	0
Reiseforskudd	0	0
Personallån	374 831	401 358
Andre fordringer på ansatte	0	0
Forskuddsbetalte leie	1 343 949	1 025 569
Andre forskuddsbetalte kostnader	1 393 608	223 413
Andre fordringer	76 317	186 865
<b>Sum andre kortsiktige fordringer</b>	<b>3 358 705</b>	<b>1 837 205</b>

## Note 11 Annen kortsiktig gjeld

	31.12.2024	01.01.2024
Skyldig lønn	6 730	0
Annen gjeld til ansatte	3 322 339	3 792 323
Avsetning for lønnsoppgjøret 2024*	2 306 646	0
Påløpte kostnader	380 802	115 431
Avstemningsdifferanser ved rapportering til statsregnskapet	0	0
Avsatt pensjonspremie til SPK, arbeidsgiverandel	0	0
Annen kortsiktig gjeld	0	925 851
<b>Sum annen kortsiktig gjeld</b>	<b>6 016 517</b>	<b>4 833 605</b>

\* På bakgrunn av at lønnsoppgjøret i staten for 2024 ikkje var ferdigstilt før i slutten av november, har ikkje verksemda utbetalt resultatet av lønnsoppgjøret i 2024. Verksemda har derfor gjort eit estimat for lønnsavsetninga for det sentrale lønnsoppgjøret (lokale og eventuelt sentrale tillegg), jf. note 2. Avsetninga inkluderer òg verksemda sitt eige bidrag til lønnsforhandlingar utover det som er framforhandla sentralt.

## Vedlegg 1 – Rapportering frå forskingsprosjekt

---

I 2024 vart det lyst ut forskingsmidlar på om lag 2,4 millionar kroner. Nedanfor følgjer ei oversikt over prosjekta som har vore aktive i 2024. Ei fullstendig oversikt over tildelingar til prosjekt og tilhøyrande publikasjonar er tilgjengeleg på [nettsida vår](#).

### Nye prosjekt i 2024

**Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)** vart ved vedtak V2024-7 tildelt midlar på totalt 700 000 kroner til prosjektet *Exclusive vs. Non-Exclusive Media Content: Competition and Channel Coordination among Digital Platforms and Content Providers*. Prosjektet leiast av professor Malin Arve ved Noregs Handelshøgskule og SNF. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein forskingsartikkel samt bidrag til politikdebatten. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

**Oslo Economics** vart ved vedtak V2024-8 tildelt midlar på totalt 500 000 kroner til prosjektet *Samarbeid om grønne utviklingsprosjekt – mulige effekter og gevinster*. Prosjektet leiast av senior manager Ingunn Gjersvik ved Oslo Economics. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein forskingsartikkel og ein kronikk. Det er planlagt å presentere arbeidet konferansar samt for Konkurransetilsynet.

**Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)** vart ved vedtak V2024-9 tildelt midlar på totalt 1 150 000 kroner til prosjektet *Animal Welfare Regulations – potential consumer surplus and market structure impacts*. Prosjektet skal leiast av seniorforskar Margrethe Aanensen ved SNF. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to forskingsartiklar, ei masteroppgåve, bidrag til politikdebatten og ein workshop. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

### Pågåande prosjekt

**Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)** vart ved vedtak V2023-5 tildelt midlar på totalt 1 200 000 kroner til prosjektet *Substitution and ownership in the Norwegian newspaper market*. Prosjektet leiast av førsteamanuensis Øyvind Thomassen ved Noregs Handelshøgskule og SNF. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to akademiske artiklar eigna for publisering i internasjonale tidsskrift, ein rapport, ein workshop og to masteroppgåver i samfunnsøkonomi. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

**Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)** vart ved vedtak V2023-6 tildelt midlar på totalt 1 000 000 kroner til prosjektet *Digital platforms and product recommendation systems*. Prosjektet leiast av professor Mohammed Mardan ved Noregs Handelshøgskule og SNF. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to akademiske artiklar eigna for publisering i høgt rangerte internasjonale tidsskrift, ein policy-rapport samt ein workshop. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

**Samfunns- og næringslivsforskning AS** vart ved vedtak V2022-11 tildelt midlar på totalt 1 173 802 kroner, til prosjektet *Cartel policy in the Nordic countries*. Prosjektet leiast av professor Lars Sørsgard ved Noregs Handelshøgskule. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to akademiske artiklar eigna for publisering i internasjonale tidsskrift, samt ei masteroppgåve i samfunnsøkonomi. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

**Samfunns- og næringslivsforskning AS** vart ved vedtak V2022-12 tildelt midlar på totalt 970 000 kroner, til prosjektet *Strategic barriers to entry and expansion in grocery retailing*. Prosjektet leiast av førsteamanuensis Morten Sæthre ved Noregs Handelshøgskule. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein eller to akademiske artiklar eigna for publisering i høgt rangerte internasjonale tidsskrift, samt ein prosjektrapport som danner grunnlag for politikktilrådingar. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

**Oslo Economics** vart ved vedtak V2022-13 tildelt midlar på totalt 750 000 kroner, til prosjektet *Ex-post analysis of the Telia/Phonero merger in the Norwegian market for mobile telecommunications*. Prosjektet leiast av partner Elias Braunfels ved Oslo Economics. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein akademisk artikkel eigna for publisering i internasjonale tidsskrift. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og/eller internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

### Avslutta prosjekt

**Samfunns- og næringslivsforskning AS** vart ved vedtak V2022-14 tildelt midlar på totalt 1 118 400 kroner til prosjektet *Utvikling av metoder for avdekking av ulovlig samarbeid og misbruk av dominerende stilling anvendt på legemiddelmarkedet*. Prosjektet var leia av professor Kurt Brekke ved Noregs Handelshøgskule. Prosjektet resulterte i to akademiske artiklar, ei masteroppgåve og eitt medieinnlegg. Det er motteke sluttrapport, og prosjektet er no avslutta.

**Universitetet i Sørøst-Norge (USN)** vart ved vedtak V2022-15 tildelt midlar på totalt 300 000 kroner til prosjektet *The competitive effects of non-discrimination clauses in digital markets*. Prosjektet var leia av førsteamanuensis Bjørn Hansen ved USN. Prosjektet resulterte i ein akademisk artikkel. Det er motteke sluttrapport, og prosjektet er no avslutta.